

# MASTEROPPGÅVE

## Garden som arena for velferdstenester

Ein kvalitativ studie om personar med psykiske helseutfordringar  
sine erfaringar med Grønt arbeid

The farm as an arena for welfare services  
A qualitative study on the experiences of people with mental  
health challenges with Green work

**Madeleine S. Sunde (212)**

Master i samfunnsarbeid  
Institutt for velferd og deltaking  
Rettleiar Malin Håland Kleppe  
16. juni 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle  
kjelder som er bruk i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Forord

Ein svært lærerik, givande og til tider nervepirrande og krevjande periode er ved vefs ende. I den anledning har eg mange eg vil takka for at eg no kan smykka meg med ferdig skriven masteroppgåve.

Fyrst og fremst: tusen hjarteleg takk til informantane mine- bøndene som tok meg så varmt imot, og gav meg tilgang til studiefeltet ved å la meg ta del i arbeidsfellesskapet på gardane dykkar, og medarbeidarane som let meg vera med på arbeidsdagane dykkar, og gav meg tillit til å intervju dykk. Utan dykk hadde ikkje denne oppgåva vorte til, og for det er eg djupt takksam.

Ein særskild takk til rettleiaren min, Malin Håland Kleppe, stipendiat ved Institutt for velferd og deltaking ved Høgskulen på Vestlandet. Tusen takk for at du har gitt av di tid og stilt til kvar rettleiingstime med godt mot, og for at du har motivert meg gjennom skriveprosessen med ditt gode humør, og dine kloke refleksjonar og tilbakemeldingar. Eg kunne ikkje vore forutan! Eg vil også rette ein takk til Rita Agdal, førsteamanuensis ved institutt for velferd og deltaking ved Høgskulen på Vestlandet, for oppmuntrande og interessante faglege samtalar om grøne omsorgs-tenester.

Tusen takk til gode vene, studievener og familie som har støtta meg, og gitt meg naudsynte avbrekk frå skrivinga. Ein spesiell takk til studievenninnene “Sunnivaene” og Johanne. Takk for at de har sjekka innom meg, og for at eg har fått dele oppturar og nedturar i skriveprosessen med dykk. Til Mirela: takk for hjelpa med korrektur på det engelske samandraget. Og til Sigrid og Andrea: takk for at de har fylgt meg, og heia på meg i denne prosessen, som alltid elles, og for at de har hjelpt meg med korrekturlesing.

Til min kjæraste: takk for at du har vore ein trygg hamn og ein bauta som har teke deg av alle dei felles arbeidsoppgåvane våre slik at eg skulle få tid og rom til å skriva. Og til Charlie, “vovvaen” min: takk for det beste selskapet eg kunne tenkt meg under skrivinga, og for at du elskar meg utan etterhald sjølv om eg til tider har vore ein trøytt og sliten hundeeigar.

God lesnad!

Bergen, juni 2023

Madeleine S. Sunde

## Samandrag

**Bakgrunn:** Mange med psykiske helseutfordringar opplever å stå utanfor arbeidslivet, sjølv om dei både ynskjer og kan vera i arbeid (Helsedirektoratet, 2014). Denne oppgåva handlar om *grønt arbeid*, som er eit arbeidsretta tilbod på gard, med mål om å bidra til arbeidsinkludering for personar med psykiske helseutfordringar.

**Føremål:** Føremålet med oppgåva er å bidra til meir kunnskap om verknadene av grønt arbeid, og til å forstå meir om dei strukturelle rammene kring arbeidsretta tiltak på gard, i samanheng med medarbeidarar sine erfaringar av tiltaket. Gjennom eit samfunnsarbeidsperspektiv, kor erfaringane vert sett i samanheng med samfunnsnivået, og helse vert vektlagt som sosialt forankra ut frå eit helsefremjande perspektiv, er målet at oppgåva kan bidra med kunnskap som strekker seg utover individnivået.

**Problemstilling:** *Korleis skildrar medarbeidarar sine erfaringar med grønt arbeid?*

**Metode og teori:** Studien har ei kvalitativ tilnærming. Det er gjort feltarbeid på to gardsbruk, ved bruk av *deltakande observasjon* og *semistrukturerte intervju* som metode for å undersøkja to bønder og fem medarbeidarar sine erfaringar med grønt arbeid. Datamaterialet er analysert med utgangspunkt i *systematisk tekstkondensering*. Resultata er diskutert i ljos av det helsefremjande perspektivet *salutogenese*, og perspektiv på *arbeid* etter Wadel (1977; 1984), med innslag av perspektiv frå Freire (1999).

**Funn:** Analysen viser at grønt arbeid har ei rekke positive verknader for medarbeidarane, som til saman seier noko om ei utvikling av livskvalitet og trivsel. Gjennom temaa *helsefremjing, samhandling og arbeid med dyr, det sosiale arbeidsfellesskapet og garden som ein arbeidsplass* viser empirien at grønt arbeid har ei positiv innverknad på subjektiv helse og framtidvisjonar, gjennom rammene av natur, gardsarbeid og samhandling med dyr og menneske.

**Nøkkelord:** Grøn omsorg, natur, fellesskap, psykisk helse, helsefremjing, arbeidsinkludering

## Abstract

**Background:** Many individuals with mental health challenges experience being outside the labor market, even though they both desire and are capable of working (Heath department, 2014). This assignment is about green work, a work-oriented offer on farms, aiming to contribute to work inclusion for people with mental health challenges.

**Purpose:** The purpose of the assignment is to contribute to more knowledge about the effects of green work and to understand more about the structural framework around work-oriented initiatives on farms in connection with participants'/workers' experiences of the latter. Through a community work perspective, where the experiences are seen in connection with the societal level, and health is emphasized as socially anchored from a health-promoting perspective, the aim is that the assignment can contribute to increased knowledge that extends beyond the individual level.

**Research question:** *How do participants/workers describe their experiences with green work?*

**Method and theory:** The study has a qualitative approach. Fieldwork has been carried out on two farms, using *participant observation* and *semi-structured interviews* to investigate the experiences of two farmers and five participants/workers with green work. The data material has been analyzed based on systematic text condensation. The results are discussed in the light of the health-promoting perspective *salutogenesis* and perspective on *work* according to Wadel (1977; 1984), with elements of perspective from Freire (1999).

**Findings:** The analysis shows that green work has several positive effects on participants/workers, which in total says something about a development in the quality of life and well-being. Through the theme of *health promotion, interaction and work with animals, the social working community and the farm as a workplace*, the empirical evidence shows that green work has a positive impact on subjective health and visions of the future through the framework of nature, farm work and interaction with animals and people.

**Keywords:** Green care, nature, community, mental health, health promotion, work inclusion

## Innhald

<b>Forord.....</b>	<b>i</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>ii</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>iii</b>
<b>Oversikt over tabell .....</b>	<b>vii</b>
<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 Bakgrunn for val av tema .....</b>	<b>1</b>
<b>1.2 Garden som arena for velferdstenester .....</b>	<b>2</b>
<b>1.2.1 Inn på tunet og Grøn omsorg .....</b>	<b>2</b>
<b>1.2.2 Grønt arbeid.....</b>	<b>3</b>
<b>1.2.3 Dyreassisterete intervensionar.....</b>	<b>4</b>
<b>1.2.4 Politisk forankring av Grønt arbeid gjennom Inn på tunet.....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 Psykisk helse og Arbeid .....</b>	<b>5</b>
<b>1.3.1 Psykiske helseutfordringar, psykiske plagar og psykiske lidingar.....</b>	<b>5</b>
<b>1.3.2 Retta til arbeid og arbeidslinja .....</b>	<b>6</b>
<b>1.3.3 Arbeid- og velferdsforvaltninga (Nav) sitt ansvar for arbeidsinkludering .....</b>	<b>7</b>
<b>1.4 Kunnskapsstatus på feltet: tidlegare forsking og føremålet med oppgåva .....</b>	<b>8</b>
<b>1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål .....</b>	<b>10</b>
<b>1.6 Relasjon til samfunnsarbeid.....</b>	<b>11</b>
<b>1.7 Oppbygging av oppgåva .....</b>	<b>12</b>
<b>2.0 Teori.....</b>	<b>13</b>
<b>2.1 Helsefremjing: helse som sosialt forankra .....</b>	<b>13</b>
<b>2.1.1 Salutogenese .....</b>	<b>14</b>
<b>2.1.2 Det salutogene konseptet «oppleveling av samanheng» .....</b>	<b>15</b>
<b>2.2 Perspektiv på arbeid .....</b>	<b>17</b>
<b>2.2.1 Arbeidsomgrepet- kva er arbeid?.....</b>	<b>17</b>
<b>2.2.2 Paulo Freire- ein frigjerande pedagogikk.....</b>	<b>20</b>

<b>3.0 Metode .....</b>	<b>22</b>
<b>3.1 Metodologisk tilnærming.....</b>	<b>22</b>
<b>3.2 Utval og rekruttering .....</b>	<b>23</b>
<b>3.3 Forskingsdesign .....</b>	<b>24</b>
<b>3.3.1 Intervju og intervjusituasjonen.....</b>	<b>24</b>
<b>3.3.2 Feltarbeid og deltagande observasjon .....</b>	<b>25</b>
<b>3.4 Feltarenaen: presentasjon av gardsbruka .....</b>	<b>27</b>
<b>3.4.1 Katthult .....</b>	<b>27</b>
<b>3.4.2 Farmen .....</b>	<b>28</b>
<b>3.5 Mi førforståing.....</b>	<b>28</b>
<b>3.6 Analyse .....</b>	<b>29</b>
<b>3.6.1 Transkribering.....</b>	<b>29</b>
<b>3.6.2 Analyseprosessen.....</b>	<b>29</b>
<b>3.6.3 Analyseprosessen trinn for trinn .....</b>	<b>30</b>
<b>3.6.4 Analyse av feltnotata .....</b>	<b>32</b>
<b>3.7 Kvalitet på forskinga – metodologisk refleksjon .....</b>	<b>33</b>
<b>3.7.1 Reliabilitet .....</b>	<b>34</b>
<b>3.7.2 Validitet .....</b>	<b>34</b>
<b>3.8 Forskingsetiske omsyn .....</b>	<b>36</b>
<b>4.0 Resultat.....</b>	<b>38</b>
<b>4.1 Garden som ein helsefremjande arena .....</b>	<b>38</b>
<b>4.1.1 Helsepåverknad .....</b>	<b>38</b>
<b>4.1.2 Frå passivitet til aktivitet gjennom rutinar i kvardagen.....</b>	<b>39</b>
<b>4.1.3 Betydinga av naturen.....</b>	<b>40</b>
<b>4.2 Samhandling og arbeid med dyr.....</b>	<b>42</b>
<b>4.2.1 Terapi .....</b>	<b>42</b>
<b>4.2.2 Ro.....</b>	<b>43</b>
<b>4.2.3 Ansvar.....</b>	<b>44</b>
<b>4.3 Det sosiale arbeidsfellesskapet .....</b>	<b>46</b>
<b>4.3.1 Sosialt fellesskap, samhald og arbeidsmiljø.....</b>	<b>46</b>

4.3.2 Rolla som arbeidstakar, ikkje som brukar.....	48
<b>4.4 Garden som arbeidsplass.....</b>	<b>49</b>
4.4.1 Kunnskap og ferdigheter om gardsdrift .....	49
4.4.2 Eit nytt syn på høve til å arbeida.....	50
4.4.3 Individuell tilpassing- vegen til utvikling .....	52
<b>5.0 Diskusjon.....</b>	<b>54</b>
<b>5.1 Oppsummering av funn og samanlikning opp mot tidlegare forsking .....</b>	<b>54</b>
<b>5.2 Arbeidstiltak på gard som eit salutogent tiltak .....</b>	<b>56</b>
5.2.2 Eit kritisk blick på det salutogene perspektivet .....	59
<b>5.3 Garden- ein arbeidsplass, ein inkluderingsarena eller ein oppbevaringsplass?....</b>	<b>60</b>
5.3.1 Er grønt arbeid eigentleg arbeid?.....	60
5.3.2 Ein kritikk mot «train then place»- tilnærminga .....	61
5.3.3 Er «place then train» løysinga, og kva så med grønt arbeid? .....	63
<b>6.0 Avslutning .....</b>	<b>65</b>
<b>7.0 Litteraturliste.....</b>	<b>68</b>
<b>Vedlegg 1: Sikt vurdering.....</b>	<b>1</b>
<b>Vedlegg 2: Informasjonsskriv medarbeidarar .....</b>	<b>1</b>
<b>Vedlegg 3: Informasjonsskriv bønder .....</b>	<b>1</b>
<b>Vedlegg 4: Intervjuguide medarbeidarar .....</b>	<b>1</b>
<b>Vedlegg 5: Intervjuguide bønder .....</b>	<b>1</b>

## Oversikt over tabell

Tabell 1. Kodegrupper og subgrupper..... 31

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Denne oppgåva handlar om Grønt arbeid, som er eit arbeidsretta tilbod på gard for personar med psykiske helseutfordringar<sup>1</sup> (Nav, 2018, s. 1). Bakgrunnen for val av tema ligg i ei personleg og fagleg interesse og nysgjerrigkeit for korleis garden vert nytta som ein arena for velferdstenester. Eg har fyrstehandserfaring med gardsdrift frå deler av oppveksten, og ei lidenskap for dyr, natur og tradisjonelle måtar å forvalte naturressursar på. Vidare har eg fagbakgrunn i sosialt arbeid og samfunnsarbeid. At *garden* gjennom arbeid, nærliek til naturen og samhandling med dyr og menneske har potensiale som ein helsefremjande og inkluderande arena for personar med psykiske helseutfordringar (Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016), vekka ei fagleg interesse som gjorde at eg ville vie mitt masterprosjekt til denne tematikken.

Gardsarbeid som rekreasjon og aktivitet har djupe historiske røter innan psykisk helsearbeid, både nasjonalt og internasjonalt. Ved dei gamle norske asyla var gardsarbeid og samhandling med husdyr i landlege omgivnader sentrale aktivitetar, basert på ei tru om at dette hadde ei samlande og roande effekt på psyken (Berget & Braastad, 2008, s. 9). Gardsarbeidet var «arbeidsterapi», og skulle bidra til å trekkja energien bort frå destruktive tankar og erstatta dei med meistringsopplevelingar (Hermundstad, 2005, s. 27-34). I dag har samanhengane mellom natur, samhandling med dyr, arbeid og helse fått fornya interesse (Steigen et al., 2016, s. 693). Garden vert nytta som ein arena for velferdstenester, for å møta utfordringane helse- og omsorgstenestene står ovanfor som skapar behov for nye tenestetilbod i velferdssektoren (Kommunal- og regionaldepartementet & Landbruks- og matdepartementet, 2013, s. 1). Denne oppgåva tematiserer utfordringa som velferdssektoren står ovanfor med omsyn til høg førekomst av psykiske helseutfordringar og låg tilknyting til arbeid for personar som er ramma.

Psykiske helseutfordringar er eit utbreitt problem på verdsbasis (Verdens helseorganisasjon,

---

<sup>1</sup> Eg nyttar omgrepet «psykiske helseutfordringar» i denne studien, men brukar «psykiske plagar» eller «psykiske lidingar» når eg viser til annan litteratur eller forsking som brukar desse omgrepene. Eg grunngjev for dette seinare i kapittelet.

2022, s. 37). I Noreg vert om lag halvparten av befolkninga ramma av ei psykisk liding i laupet av livet, og 16-22% i laupet av eitt år (Mykletun & Knudsen, 2009, s.17; Reneflot et al., 2018, s. 20). Psykiske lidingar er å rekna som eit samfunnsproblem grunna alvorlege konsekvensar med omsyn til både individuell levestandard og samfunnsøkonomi (OECD, 2013, s. 11). Personar med psykiske helseutfordringar kan oppleva at livstilværinga er prega av avmakt, stigmatisering og risiko for marginalisering frå samfunnsarenaer, inkludert arbeidslivet (Askheim, 2012, s. 12; Karlsson & Borg, 2013, s. 95-97). I Noreg er andelen arbeidsledige med ei psykisk liding sående, og høgast i Norden (OECD, 2013, s. 25). Psykiske lidingar utgjer den største årsaka til helsetap for personar i arbeidsfør alder, og medfører fleire tapte arbeidsår enn alle andre sjukdomar (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 25; Reneflot et al., 2018, s. 50; Mykletun & Knudsen, 2009, s. 10). Dette vert sett som problematisk fordi arbeid har ein sentral posisjon i det norske samfunnet. Arbeid er ein viktig identitetsmarkør (Falkum, 2011, s. 116), og vert rekna som sentralt for å kunne delta i samfunnet som ein aktiv samfunnsborgar (Boardman, 2003, s. 327). Vidare utgjer arbeid ein samfunnsarena som kan fremja psykisk helse gjennom faktorar som trivsel, økonomi, sosialt fellesskap, samt struktur og rutine i kvardagen (Helsedirektoratet, 2017).

Grunna omfanget og konsekvensane av psykiske helseutfordringar er tiltak retta mot å forbetre livskvaliteten og styrka høve for samfunnsdeltaking for personar som er ramma sentralt. Grønt arbeid har som mål å bidra til auka livskvalitet og arbeidsinkludering for personar med psykiske helseutfordringar (Nav, 2010). I denne oppgåva undersøkjer eg korleis desse prosessane fungerer i praksis, gjennom erfaringane som medarbeidarar<sup>2</sup> har med grønt arbeid, gjennom ordninga Inn på tunet.

## 1.2 Garden som arena for velferdstenester

### 1.2.1 Inn på tunet og Grøn omsorg

Inn på tunet (IPT) er ei norsk samlenemning på tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester med garden som arena for tenester innanfor oppvekst, utdanning, arbeid og helse- og omsorg. IPT-gardsbruk har tilbod innanfor mellom anna psykisk helse, rus, demens, arbeidstiltak og integreringstiltak (Landbruks- og matdepartementet & Kommunal- og regionaldepartementet, 2012, s. 3-7). Slike velferdstenester inngår i paraplyomgrepet *Grøn omsorg* (Sempik et al.,

---

<sup>2</sup> Eg brukar omgrepet «medarbeidar» om personar som er i arbeidstiltak på gard fordi fleire av informantane i studien nyttar dette omgrepet.

2010, s. 17). Omgrepet “Inn på tunet” er varemerka, og knytt til eit kvalitetssikringssystem og ei godkjenningsordning hjå Stiftelsen NorskMat (Kismul & Kogstad, 2018, s. 98). Bønder er tilbydarar av tenestene, medan kommunar og Nav er kjøparar (Kismul & Kogstad, 2018, s. 100; Landbruks- og matdepartementet & Kommunal- og regionaldepartementet, 2012, s. 7). Det er statsforvaltaren som har ansvaret for tilrettelegginga og utviklinga av Inn på tunet (Landbruks- og matdepartementet & Kommunal- og regionaldepartementet, 2012, s. 10).

IPT-gardsbruken er spreidd over heile landet. Nokre kommunar har fleire tilbod, medan andre har ingen. Gardsbruken varierer frå enkle gardstun med litt jord og nokre få husdyr, til effektivt drivne produksjonsgardar med store areal og moderne drift (Kismul & Kogstad, 2018, s. 98). IPT-gardane tilbyr aktivitetar knytt opp til gardsbruket, livet og arbeidet der (Kismul & Kogstad, 2018, s. 95). Aktivitetstilboden er mangfaldig, og arbeidsoppgåvene varierer ut frå årstidene og frå gard til gard. Gjengse aktivitetar og arbeidsoppgåver er dyrestell, skogsdrift, gartnararbeid, vedlikehald av maskinar og bygningar, matlaging og felles måltid (Pedersen & Olsen, 2011, s. 147).

### *1.2.2 Grønt arbeid*

Grønt arbeid skjer i regi av Nav, ofte i samarbeid med ulike tiltaksarrangørar. Arbeidstiltaket dreier seg oftast om *arbeidsførebuande trening* (AFT), og unntaksvis *varig tilrettelagt arbeid* (VTA), og er for personar med psykiske helse- og/eller rusutfordringar som står utanfor ordinært arbeidsliv (Nav, 2018, s. 1; Nav, 2010). Eg undersøkjer grønt arbeid med omsyn til både AFT og VTA for personar med psykiske helseutfordringar.

Grønt arbeid med utgangspunkt i AFT er eit lågterskeltilbod som er tenkt å ivareta arbeidsdimensjonen i arbeidstakarens veg mot ordinært arbeid eller utdanning, med gardsdrift, dyr, natur og sosialt fellesskap som ramme. Garden vert sett som ein arena som tilbyr eit *skjerma og tilrettelagt arbeidsmiljø*. Dette skal gje høve for kartlegging, utprøving og utvikling av individuelle ferdigheter, mot ein gradvis tilpassing til ordinært arbeidsliv (Nav, 2018, s. 1).

VTA på gard er for personar som mottek uføretrygd, og har mogelegheit og ynskje om å arbeida. Arbeidet er tilrettelagt gjennom individuelt tilpassa arbeidsoppgåver (Nav, 2023a). Tiltaket er ikkje tidsavgrensa, men det skal likevel jamleg vurderast om det kan vera aktuelt med overføring til ordinært arbeid eller utdanning (Spjelkavik et al., 2012, s. 9).

Generelt er føremålet med grønt arbeid å gje personar med psykiske helseutfordringar høve til å arbeida, samt å bidra til helsemessig betring og auka livskvalitet. Arbeidstiltaket skal opplevast meiningsfylt, fleksibelt og individuelt tilpassa (Nav, 2010). Deltakinga i arbeidstiltaket kan vera meir eller mindre frivillig, avhengig av om tiltaket inngår som del av aktivitetsplikta for å ha rett til offentlege stønader eller ikkje (Glemmestad et al., 2019, s. 55).

### *1.2.3 Dyreassisterte intervensionar*

Samhandling og arbeid med dyr er ein del av mange grøne omsorgstilbod. Grønt arbeid er soleis ein arena for det som vert kalla dyreassisterte intervensionar (DAI) (Berget et al., 2018, s. 16). DAI er ein sentral del av det eg søker å utarbeida kunnskap om i denne oppgåva. Pedersen et al. (2019) definerer DAI som “(...) målrettede og strukturerte intervensioner som bevisst inkluderer dyr i helse, undervisnings- og omsorgstjenester med formål om terapeutisk utbytte for mennesker” (s. 23). Samhandlinga mellom menneske og dyr viser seg å ha positive effektar på helse og livskvalitet. Denne verknaden som dyr kan ha i menneskes liv er kjernen i dyreassisterte intervensionar (Pedersen et al., 2019, s. 23).

DAI er ei paraplynemning som famnar tre hovudtilnærmingar til dyr-menneske-interaksjonar: dyreassistert terapi (DAT), dyreassistert pedagogikk (DAP) og dyreassistert aktivitet (DAA) (Pedersen et al., 2019, s. 23). DAT er eit terapitilbod og er difor strengt regulert, og må leiaast av ein fagperson som tek i bruk dyr som er eigna for tenesta. I DAA kan derimot personar utan spesifikk fagkompetanse leia og tilby tenesta (Berget et al., 2018, s. 16). I grønt arbeid er det ofte DAA som er aktuelt (Berget & Braastad, 2018, s. 52), men menneske-dyr-interaksjonane i denne konteksten vert ofta omtalt som dyreassisterte intervensionar (Berget et al., 2018, s. 16).

### *1.2.4 Politisk forankring av Grønt arbeid gjennom Inn på tunet*

Dei siste åra har Inn på tunet fått politisk merksemd gjennom omtale i stortingsmeldingar, strategiar og rundskriv (Kismul & Kogstad, 2018, s. 107). Grønt arbeid er nemnt i fleire av desse, og eg syner her nokre av dei sentrale politiske dokumenta.

Stortingsmeldinga *Landbruks og matpolitikken- Velkommen til bords* (Meld st. 9 (2011-2012)) vektlegg eit løft og auka satsing på bygdenæringsa, og dreg fram IPT som eit aktuelt

tenestetilbod med vekstpotensiale innanfor fleire sektorar. Det vert hevda at IPT møter framtidas velferdsbehov gjennom å tilby varierte og individuelt tilpassa tilbod, slik som arbeidstiltak (s. 198-214). IPT er også nemnt i fleire kommunar sine landbruksplanar, næringsplanar og omsorgsplanar (Landbruks- og matdepartementet & Kommunal- og regionaldepartementet, 2012, s. 12).

I 2012 kom ein *Nasjonal strategi for Inn på tunet*, med mål om “å utvikle kvalitetssikrede og samfunnsnyttige velferdstjenester med gården som arena” (Landbruks- og matdepartementet, 2012, s. 8). Av denne går det fram at grønt arbeid er ei mogeleg løysing på behovet for alternative arbeidstreningsarenaer (Landbruks- og matdepartementet & Kommunal- og regionaldepartementet, 2012, s. 3). Strategien vart fylgt opp med *Handlingsplanen for Inn på tunet (2013-2016)*. I handlingsplanperioden var arbeidsretta tilbod for personar med psykiske helse- og/eller rusutfordringar blant dei prioriterte satsingsområda innanfor IPT-tilbod (Kommunal- og regionaldepartementet, 2013, s. 3).

I *oppfølgingsplan for arbeid og psykisk helse (2013-2016)* (Arbeidsdepartementet & Helse- og omsorgsdepartementet, 2013) og i *Mestre hele livet: Regjerings strategi for god psykisk helse (2017-2022)* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017) vert grønt arbeid nemnt som eit tiltak for å auka inkludering i arbeidslivet for personar med psykiske helse- og/eller rusutfordringar. *Folkehelsemeldinga* (Meld St.15, (2018-2019)) framhevar IPT som eit tiltak for å førebyggja og fremja psykisk helse (s. 72).

### **1.3 Psykisk helse og Arbeid**

#### *1.3.1 Psykiske helseutfordringar, psykiske plagar og psykiske lidingar*

Når ein talar om psykisk helse går det eit skilje mellom *psykiske plagar* og *psykiske lidingar*. Psykiske plagar refererer til psykiske belastningar, som vert sett som vanlege variasjonar i åtferd og kjensleliv, ofte knytt til hendingar og erfaringar. Plagene kan opplevast belastande i større eller mindre grad, men utan at det nødvendigvis vert karakterisert som ei liding. Når symptombelastninga er høg, varer over tid og er av ein slik karakter at kriteria for ein klinisk diagnose er oppfylt, talar ein om ei psykisk liding. Psykiske lidingar omfattar ulike diagnosar med forskjellige symptom, slik som angst, depresjon, ADHD, schizofreni og bipolar liding (Tesli et al., 2014). Kliniske diagnosar vert fastsett som eit hjelpemiddel for klinikarar til å

finne fram til den mest høvelege behandlingsmetoden og for å kunne seie noko om lidingas prognose (Snoek & Engedal, 2017, s. 76).

Denne oppgåva er ikkje klinisk, og legg fokus på eit helsefremjande perspektiv, framfor eit patologisk sjukdomsperspektiv. Difor nyttar eg omgrepet *psykiske helseutfordringar* som eit breitt omgrep, som inkluderer både psykiske plagar og psykiske lidingar. Eg brukar dette omgrepet fordi det er mindre sjukdomsorientert, og oppfordrar til å vera merksam på at trass i sjukdom er det alltid eit visst nivå av helse og ressursar til stades hjå ein kvar person (Langeland & Vinje, 2017, s. 300).

### *1.3.2 Retta til arbeid og arbeidslinja*

Arbeid vert rekna som ei rettigheit, nedfelt i FNs verdserklæring om menneskerettar. I artikkel 23, 1. heiter det at “enhver har rett til arbeid, til fritt valg av yrke, til rettferdige og gode arbeidsforhold og til beskyttelse mot arbeidsløshet” (FN-sambandet, 2022). I Grunnlovas (1814) §110 går det fram at statens myndigheter er ansvarleg for å ivareta desse rettane; “Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at kvart arbeidsført menneske kan leve av arbeidet sitt eller næringsverksemda si. Den som ikkje sjølv kan forsyte seg, har rett til stønad frå det offentlege”. Formuleringa stiftar ingen individuell rett for den enkelte, men myndighetene har plikt til å føra ein politikk som sikrar høgast mogeleg sysselsetting (Halvorsen, 2012, s. 188). Dette ymtar til *arbeidslinja*, som har vore eit vesentleg grunnlag for den norske velferdsstatens utvikling og utforming (Kildal, 2012, s. 178).

Sidan tidleg på 1990-talet har arbeidslinja vore det viktigaste bakteppe for politikkutviklinga på arbeids- og velferdsområda (Hernes, 2010, s. 42). Arbeidslinja byggjer på ein ideologi om at alle arbeidsføre menneske skal forsørgja seg sjølve gjennom lønna arbeid. Målsetjinga er å sikra integrering i arbeidslivet, fordi menneskeleg arbeidskraft vert rekna som den viktigaste verdiskapande faktoren i den samfunnsmessige produksjonsprosessen (Lysestøl & Meland, 2012, s. 125). Difor er velferdsordningane ordna slik at det lønnar seg å vera i inntektsgjenvante arbeid framfor å ta imot offentlege ytingar, og skal soleis stimulera folk til å arbeide (Øverbye & Stjernø, 2012, s. 18-19).

Ser ein arbeidets rettslege forankring og arbeidets politiske posisjon opp mot kvarandre, kan arbeid sjåast som både ein rett, men også ein indirekte plikt (Kildal, 2012, s. 179-180; Halvorsen, 2012, s. 189). Den indirekte plikta kjem dels av at Noreg kulturelt har høg

oppslutning om arbeidsplikt og soleis høg arbeidsvilje, og dels gjennom arbeidslinjas prinsipp om at det skal lønna seg å vera i inntektsgjenvande arbeid (Halvorsen, 2012, s. 189).

Fleire er kritiske til føringane i arbeidslinja. Halvorsen (2012, s. 192) skriv at arbeidslinja har nokre paternalistiske og moralske innslag, som står i motsetnad til tanken om fullverdig medborgarskap, som byggjer på ein føresetnad om at deltaking ikkje skal vera påtvinga. Ei anna innvending er at arbeidslinja einsidig rettar blikket på dei som vert utstøytte, snarare enn på mekanismar som fungerer utstøytande, og at den byggjer på urealistiske tiltaks- og behandlingsoptimisme (Halvorsen, 2007; Wahl, 2009; Øvreliid, 2011, i Terum et al., 2012, s. 82).

### *1.3.3 Arbeid- og velferdsforvaltninga (Nav) sitt ansvar for arbeidsinkludering*

Arbeid vert sett som ein av dei viktigaste samfunnsarenaene for å tilrettelegge for sosial inkludering- og deltaking (Kleppe & Glemmestad, 2019, s. 15). Arbeidsinkludering er med dette eit verkemiddel for sosial inkludering (Rønningstad et al., 2022, s. 21). Det praktiske arbeidet med arbeidsinkludering for personar med psykiske helseutfordringar ligg i stor grad til Nav (Glemmestad, 2021, s. 73), som har det som sitt samfunnssoppdrag å fremja overgang til arbeid og aktivitet, med mål om å skapa eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein fungerande arbeidsmarknad (Nav, 2023b). Nav arbeider etter prinsippa om arbeidslinja (Hernes, 2010, s. 63), og arbeidet er difor innretta mot å hjelpe personar med å behalda eller koma ut i lønsarbeid, slik at færrest mogleg mottek stønad (Glemmestad, 2021, s. 45).

Den arbeidsretta oppfylginga vert organisert anten internt på Nav-kontoret, eller ved at Nav kjøper arbeidsretta oppfylgingstenester frå arbeidsmarknadsbedrifter som har spesialisert seg på området (Glemmestad, 2021, s. 73-74). Arbeidsoppfylginga skjer på ulike måtar. Grovt sett går det eit skilje mellom “*train-then-place*”- og “*place-then-train*”-tilnærminga.

“Train then place”-tilnærminga er arbeidsførebuande tiltak i skjerma verksemder. Føremålet er at arbeidssøkjaren skal førebu, forbetre og kvalifisera seg til å møta krava i det ordinære arbeidslivet. Ein søker å tetta gapet mellom den enkelte sine føresetnader og krava i arbeidslivet, ved å gjera arbeidssøkjaren meir konkurransedyktig som arbeidssøkjjar (Spjelkavik, 2014, s. 33-35). Tanken er å forsøkje å løysa dei fleste eller dei mest omfattande problema i arbeidssøkjarens livssituasjon *før* ein hjelper vedkommande ut i ordinært arbeid

(Glemmestad, 2021, s. 82). Gjennom ei trinnvis tilpassing, med aukande grad av kompetanseheving og utprøving, er målet at arbeidssøkjaren skal bli stadig meir klar for ordinært arbeidsliv (Spjelkavik, 2014, s. 36).

Dei siste åra har “place then train”-tilnærminga vore i vinden (Glemmestad, 2021, 81). «Place then train» tek sikta på å skapa ein varig arbeidslivstilknyting gjennom kvalifisering og trening på arbeidsoppgåver på den ordinære arbeidsplassen, ofte gjennom ein gradvis innfasing. Til motsetnad frå “train then place”-tilnærminga føreset ein ikkje at utfordringar knytt til psykisk helse må vera løyst før ein kan tenkja på ordinært arbeid. “Place then train” snur det heile på hovudet og ser på ordinært arbeid både som eit mål, og eit middel for å nå målet (Glemmestad, 2021, s. 84-85). I slike tilnærmingar er utgangspunktet den enkelte sitt ynskje om arbeidsdeltaking. Arbeidsoppfylginga går føre seg fortlaufande og er basert på den enkelte sitt støttebehov for meistring til ein kvar tid, og inneber eit samarbeid mellom arbeidstakaren, arbeidsgjевaren og den som bistår arbeidstakaren, ofte kalla jobbspesialist (Spjelkavik, 2014, s. 38-40).

Arbeidstiltak på gard gjennom AFT tuftar på “train then place”-tilnærminga, ettersom garden er ein skjerma verksemd, og målet er å bli kvalifisert for ordinært arbeid. Varig tilrettelagt arbeid på gard skil seg frå det arbeidsførebuande tiltaket, fordi målet ikkje primært er kvalifisering til ordinært arbeid. Jamvel kan VTA på gard sjåast i samanheng med tankar om at det har noko føre seg å nyte skjerma verksemder framfor ordinære arbeidsplassar. “Train-then-place”-tilnærminga blir kritisert for manglande evidens for at den fungerer til å få folk ut i ordinært arbeid, for at den kan medføra auka segregering og stigmatisering og strider imot sentrale normaliseringsprinsipp (Spjelkavik, 2014, s. 37). Difor ser eg det som interessant å sjå medarbeidarane i denne studien sine erfaringar av grønt arbeid opp mot denne kritikken, som eg vil drøfta i kapittel 5.

#### **1.4 Kunnskapsstatus på feltet: tidlegare forsking og føremålet med oppgåva**

Sjølv om ideen om at gardsarenaen kan vera helsefremjande ikkje er ny, er Grøn omsorg som forskingsfelt framleis i si spede byrjing (Steigen et al., 2016, s. 693). Dei grøne omsorgstenestene slik me kjenner dei i dag er utvikla gjennom dei siste 30-40 åra (Kismul & Kogstad, 2018, s. 96), og forskingsinteressa auka monaleg frå årtusenskiftet då forskrarar i større grad såg området som eit «legitimt» forskingsfelt (Sempik, 2010, s. 17). Interessa for Grøn omsorg held fram å vekse, særleg i Europa (Murray et al., 2019, s. 1).

Litteraturen og forskinga som føreligg om Grøn omsorg er tverrvitskapleg og tek utgangspunkt i fleire dimensjonar ved Grøn omsorg, både i kvantitative og kvalitative studiar. For å finna fram til tidlegare forskingsarbeid relevant for grønt arbeid har eg gjort litteratursøk i ulike databasar, høvesvis i Google Scholar, Oria, Idunn og Academic Search Elite. Eg nyttar norske søkjeord som «grønn omsorg», «grønt arbeid», «dyreassisterte intervensioner», «psykisk helse» og liknande, i tillegg til engelske søkjeord som «green care», «social farming», «mental health», «vocational rehabilitation» og «animal assisted intervention». I tillegg har eg gjennomgått referanselister og gjort siteringssøk på relevant litteratur. Eg har prioritert nordiske bidrag, på kostnad av internasjonal litteratur, med omsyn til kontekst. Grunna liten mengde litteratur var det naudsynt å inkludere internasjonal litteratur, og eg prioriterte då europeiske bidrag.

Forskinga på grøne omsorgstenester for personar med psykiske helseutfordringar syner at slike tiltak har fleire positive effektar. Det vert særleg veklagt korleis tenestene har positiv innverknad på helse og livskvalitet (Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016). Det er dokumentert fysiske helseeffektar som betre form og sovn (Steigen et al., 2016; Murray et al., 2019; Granerud & Eriksson, 2014; Pedersen et al., 2012), og psykiske helseeffektar som redusering av psykiske symptom, slik som angst og depresjon (Berget & Braastad, 2011; Gonzales et al., 2011; Pedersen et al., 2012). Studiar syner at tiltaka gjev personar med psykiske helseutfordringar eit meiningsfylt arbeid (Ellingsen-Dalskau et al., 2016; Granerud & Eriksson, 2014), som skapar ein struktur i kvarldagen (Steigen et al., 2016; Murray et al., 2019). Opplevingar av meistring og auka meistringstru, å kjenna seg verdifull og å ha fått auka sjølvtillit går igjen (Steigen et al., 2016; Murray et al., 2019; Pedersen et al., 2012; Sollesnes et al., 2017). Betydinga av å arbeide i naturen og naturlege omgivnader vert trekt fram i fleire studiar, og det går fram at det gjev kjensler av ro (Sollesnes et al., 2017), at det bidreg til å koma i kontakt med seg sjølve (Pedersen et al., 2012) og gjev opplevingar av glede, motivasjon og kvile (Aasen & Andershed, 2015). Medarbeidarar dreg fram det sosiale fellesskapet med andre medarbeidarar og bonden som meiningsfullt. Det er skildra opplevingar av sosial støtte, sosial aksept og sosialt samhald (Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016; Ellingsen-Dalskau et al., 2016; Pedersen et al., 2012; Granerud & Eriksson, 2014).

Forskinga som føreligg om dyreassisterte intervensionar er hovudsakleg sentrert kring korleis

interaksjon med dyr har fysiologiske og stressdempande effektar, fremjar meistring og sjølvkjensle, reduserer psykiske lidingar, gjev sosial støtte, og fungerer som katalysator for å fremja kommunikasjon mellom menneske (Berget & Braastad, 2018, s. 54). Dei fleste forskingsarbeid som er gjort på DAI internasjonalt tek utgangspunkt i kontakt mellom kjæledyr og pasientar, medan det er færre studiar som dokumenterer effektar av husdyr på menneske si psykiske helse ved å utnytta potensialet som ligg i kombinasjonar av kontakt med dyr og arbeidsretta aktivitetar (Berget et al., u.å, s. 1). Funn frå studiar om grønt arbeid viser at medarbeidarar vektlegg at arbeid med dyr vert opplevd som meiningsfylt, vekkjer gode kjensler og har betyding for lindring av psykiske symptom (Hassink et al., 2017; Aasen & Andershed, 2015; Berget et al., 2007; Leck et al., 2015; Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016).

For å summere opp vert grøne omsorgstenester vurdert å ha ei rekke positive effektar, og potensiale til å vera ein verdifull arena for arbeidstiltak for personar med psykiske helseutfordringar. Jamvel er ikkje kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg dokumentert. Fleire tek til ordet for at det trengs meir kunnskap om grønt arbeid, spesielt om effektane av tiltak (Murray et al., 2019; Berget, 2013; Granerud et al., 2012; García-Llorente et al., 2018). Dei helsefremjande og rehabiliterande samanhengane mellom samhandling med dyr og natur er vurdert som særleg relevant (Berget, 2013, s. 18; Ellingsen-Dalskau et al., 2016).

Gjennom denne oppgåva ynskjer eg å lyfte opp eit forskingsområde som i det store og heile framleis er relativt snevert, og som set psykisk helse og arbeidsinkludering på agendaen. Oppgåva er tenkt å bidra til meir kunnskap om verknader av grønt arbeid, og til å forstå meir om dei strukturelle rammene, i samanheng med medarbeidarane sine erfaringar av tiltaket. Gjennom eit samfunnsarbeidsperspektiv, kor eg lyfter erfaringane opp på eit samfunnsnivå, og vektlegg helse som sosialt forankra med fokus på helsefremjing framfor patologi, er målet at oppgåva kan bidra med kunnskap som strekker seg utover individnivået.

## 1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga for oppgåva er: «*Korleis skildrar medarbeidarar sine erfaringar med Grønt arbeid?*». Eg har utforma følgjande forskingsspørsmål for å operasjonalisere problemstillinga:

1. Kva for verknader erfarer medarbeidarane av arbeidstiltaket?
2. Korleis verkar dyr og samhandling med dyr inn på erfaringane medarbeidarane gjer seg av arbeidstiltaket?

3. Korleis kan ein sjå erfaringane til medarbeidarane opp mot sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid?

### **1.6 Relasjon til samfunnsarbeid**

Oppgåva er skriven med utgangspunkt i eit samfunnsarbeidsperspektiv. Samfunnsarbeid er ein metode, og eit kunnskaps- og haldningsfelt, som kan bli forstått på ulike måtar. Uavhengig av kontekst inneber samfunnsarbeid å arbeida ilag med dei det gjeld for å betra livssituasjonen til individ og grupper. Hensikta er å førebyggja eller løysa samfunnsproblem (Midtgård & Thurunen, 2022, s. 144; Hutchinson, 2022, s. 14). Oppgåva undersøkjer korleis personar med psykiske helseutfordringar sine erfaringar av grønt arbeid kan sjåast i samanheng med teoretiske perspektiv som ligg på linje med samfunnsarbeid.

Samfunnsarbeid anerkjenner at samfunnet lir store tap når folk opplev marginalisering og eksklusjon (Ledwith, 2015, s. 7). Arbeidet rettar seg mot at individ og grupper kan bevege seg livstilværingar prega av avmakt, til å mobilisera kraft, og å styrka deltaking og handlingskompetanse (Hutchinson, 2022, s. 28). Opp mot dette kan grønt arbeid vera interessant, fordi garden som arena har potensiale til å leggja til rette for empowerment, utvikling, sosial samhandling- og deltaking gjennom gardsarbeid (Sempik et al., 2010).

Mange med psykiske helseutfordringar både ynskjer og kan delta i arbeidslivet, om dei får høve (Helsedirektoratet, 2014, s. 42). Personar med psykiske helseutfordringar sin underrepresentasjon på arbeidsmarknaden kan soleis ikkje bli forstått som eit individuelt problem, fordi det har ein samanheng med forhold på samfunnsnivå. Arbeid og psykisk helse står i eit gjensidig forhold kor arbeidsløyse og svak økonomi er kopla til psykiske helseutfordringar (Halvorsen et al., 2022, s. 58), samstundes som arbeidsløyse og uføre ofte skuldast psykiske helseutfordringar (OECD, 2013). Samfunnsarbeid set høgt å motverka individualisering av sosiale problem: problem som manifesterer seg på individnivået har ein samfunnsmessig samanheng (Hutchinson, 2022, s. 16). Vidare står sosial inkludering sentralt i samfunnsarbeid (Hutchinson, 2022, s. 52), og føremålet med grønt arbeid er å bidra til arbeidsinkludering (Nav, 2010). Grønt arbeid er tufta på deltakarane sine ressursar, på det positive og det utviklingsdyktige (Granerud et al., 2012, s. 35). Dette er ei haldning som kan seiast å liggja vel på linje med samfunnsarbeid, som ser menneske som kreative, kompetente og handlande aktørar som sjølv er i stand til å betra sine høve for sosial deltaking og endra

sine livsstilhøve (Sudmann & Henriksbø, 2011, s. 52).

### **1.7 Oppbygging av oppgåva**

I kapittel 1 har eg gjort greie for val av tema, bakgrunnsinformasjon om garden som arena for velferdstenester og psykisk helse og arbeid, tidlegare forsking, føremålet med oppgåva, problemstilling og forskingsspørsmål, og relasjon til samfunnsarbeid. Kapittel 2 tek føre seg det teoretiske rammeverket for oppgåva: det helsefremjande perspektivet *salutogenese* og perspektiv på *arbeid*. I kapittel 3 gjer eg greie for metodologiske val, utval, forskingsdesign, analyseprosessen, studiens kvalitet og forskingsetiske omsyn. I kapittel 4 vert funna frå studien presentert, gjennom temaa *helsefremjing, samhandling og arbeid med dyr, det sosiale arbeidsfellesskapet og garden som arbeidsplass*. I kapittel 5 drøftar eg funna i ljós av den teoretiske ramma for oppgåva. Kapittel 6 inneheld avsluttande refleksjonar kring vidare forsking og kva for implikasjonar studien kan ha.

## 2.0 Teori

Ein kan studere grøne omsorgstenester frå ulike teoretiske tilnærmingar ettersom effektane av tiltaka er multifaktorielle, og kan dreia seg om både psykologiske-, fysiologiske- og sosiale faktorar. Desse kan spela seg ut samstundes, eller sekvensielt (Sempik et al., 2010, s. 71). Eg har avgrensa oppgåva til å rette to teoretiske fokus som grunnlag for ein diskusjon av funna: eitt på *helsedimensjonen* ved grønt arbeid, og eitt på *arbeidsdimensjonen*. Når det gjeld helsedimensjonen ser eg funna opp mot det helsefremjande perspektivet *salutogenese*, og det salutogene konseptet “*oppleving av samanheng*”. Når det kjem til arbeidsdimensjonen vektlegg eg perspektiv på arbeid etter Cato Wadel (1977; 1984), og inkluderer i tillegg Paulo Freire (1999) sin frigjerande pedagogikk som grunnlag for å diskutere funna. Desse teoretiske perspektiva dannar eit kunnskapsgrunnlag på forskjellige nivå. Der salutogenese i denne samanhengen rettar seg mot eit individnivå, og Wadel (1977; 1984) sitt perspektiv er retta mot samfunnsnivået, står Freire (1999) sitt perspektiv meir i ein mellomposisjon. På denne måten er tanken at det teoretiske rammeverket kan skapa ei fyldig linse til å diskutere funna, som kan bidra til å forstå samanhengar mellom individuelle og kollektive forhold (Hutchinson, 2022, s. 12).

### 2.1 Helsefremjing: helse som sosialt forankra

Det helsefremjande perspektivet tek utgangspunkt i faktorar som kan styrka ressursane for god helse, framfor å fokusere på sjukdom og risikofaktorar (Mæland, 2021, s. 17).

Helsefremjande arbeid fekk auka aktualitet då den fyrste internasjonale konferansen om helsefremjing vart arrangert av Verdas helseorganisasjon i Ottawa i Canada i 1986. På denne konferansen vart den internasjonale avtalen *Ottawa charteret* signert (Tellnes, 2017, s. 14-15). I denne vert helsefremjande arbeid definert som “(...) prosessen som set folk i stand til å få auka kontroll over og forbetre helsa si” (mi omsetjing) (World Health Organization, 1986, s. 1). Ottawa-charteret tok utgangspunkt i tidlegare helseminister i Canada, Marc Lalonde (1974), sitt skrivearbeid som bidrog til å anerkjenna at det er naudsynleg å nytta strategiar ut over biomedisinske metodar for å forbetra helsa i befolkninga (Tulchinsky, 2018, s. 524-525). I dag er det helsefremjande perspektivet- og arbeidet sentralt i det offentlege ordskifte, og omtalt i fleire offentlege utgreiingar (Meld St.15 (2022-2023); Meld St. 23 (2022-2023)).

Det helsefremjande perspektivet er vitskapleg forankra i samfunnsvitskapen, og byggjer på ein sosial modell for helse og helsepåverknad (Mæland, 2021, s. 17). Helse vert sett frå ein

sosial dimensjon, slik at helseomgrepet også omfattar menneske sin kapasitet til å oppfylla sine potensiale og sine forpliktingar, og evna til å styra og ha kontroll over eige liv (Huber et al., 2011, s. 2). Huber et al., (2011, s. 2) hevdar at ved å lukkast med å tilpassa seg sjukdom kan folk delta på sosiale arenaer, arbeide og kjenna seg friske trass i helseutfordringar. Helse vert sett som både eit mål i seg sjølv, og som eit middel til å oppnå andre ønskverdige mål. Når folk får betre helse gjev det mogelegheit til personleg, økonomisk og sosial utvikling, og derav auka livskvalitet (Mæland, 2021, s. 17).

For å forstå og undersøkja den sosiale helsedimensjonen ved medarbeidarane i denne studien sine erfaringar av arbeidstiltak på gard, lenar eg meg på ein teori som står sterkt innan det helsefremjande feltet: *salutogenese* (Mittelmark & Bauer, 2022).

### 2.1.1 Salutogenese

Ordet “salutogenese” stammar dels frå latinsk *salus* (helse), og dels frå det greske ordet *genesis* (oppfav eller tilbliing) (Langeland, 2014, s. 6). Salutogenese er eit teoretisk rammeverk som representerer ein måte å forstå helse på, med søkeljos på opphavet til helse og verdiar for god helse, framfor opphavet til sjukdom og risikofaktorar (Antonovsky, 1987/2012; Mittelmark & Bauer, 2022, s. 11). Salutogenese som teoretisk omgrep vart skapt av sosiologen Aaren Antonovsky (Langeland, 2014, s. 6). Han fatta interesse for saltuogenese på bakgrunn av ein observasjon av at helse i det store og heile vart betrakta med eit patologisk blikk, med fokus på kva som førte til at folk vart sjuke, medan han ville utforske kva som gjorde at folk heldt seg friske trass i påkjenningar (Antonovsky, 1979; 1996). Difor formulerte han “det salutogene spørsmål”: *kva skapar helse?* Han ynskte eit paradigmeskifte innan helsefeltet, frå at patologi dominerte, til at også salutogenese skulle gjelda, og såg det helsefremjande arbeidsfeltet som eit fruktbart felt for eit slikt paradigmeskifte (Lindström, 2022, s. 5-8).

Antonovsky (1979, s. 55) forstår helse som eit kontinuum (health ease/dis-ease continuum). Til motsetnad frå den patologiske forståinga av helse som eit dikotomi (personar er anten friske eller sjuke), anerkjenner helse/u-helse-kontinuumet at alle menneske er døyande, og samstundes i ein eller annan forstand friske så lenge dei er i live. Salutogenese handlar om å finne ut kor på kontinuumet mellom helse og u-helse personar finn stad til ein kvar tid, og fokusere på faktorar som fremjar rørsle mot høgast mogeleg grad av helse på kontinuumet. Til dømes vil ein salutogen tilnærming vektleggja personar si aktive evne til tilpassing som

idealet i ei behandling, medan patologien søker etter den rette kuren basert på riktig diagnose (Antonovsky, 1987/2012, s. 27; Langeland et al., 2007, s. 277). Sjølv om salutogene står i kontrast til patologien, er Antonovsky (1987/2012) uttrykkeleg om at han ikkje forkastar det patogene perspektivet, men ynskjer at perspektiva skal bli sett som komplementære (s. 36).

Fleire tek til orde for at salutogenese kan vera eit nyttig teoretisk rammeverk i studiar av grøne omsorgstenester (Sempik et al., 2010, s. 99; Granerud et al., 2012, s. 37). Sempik et al. (2010) vektlegg at studiar om grøn omsorg bør basera seg på subjektivt opplevd helse, heller enn objektive, biomedisinske målingar, basert på patogene modellar. Grøn omsorg representerer noko anna enn sjukdomsorientert helsehjelp, og kan bli sett i samanheng med den salutogene tilnærminga til helse, kor fokuset ligg på helsefremjande faktorar. Difor er eit holistisk helsesyn, med vekt på individ si aktive deltaking i å fremja og halda ved lag eiga helse eit mogeleg perspektiv å nytte i ein kontekst av grøn omsorg- noko det salutogene perspektivet kan bidra med (Sempik et al., 2010, s. 99-101). Eg har vurdert salutogenese som eit fruktbart teoretisk rammeverk for oppgåva på bakgrunn av at fokuset ligg på helse, framfor sjukdom. Fordi fokuset ligg på helse og meistring av kvardagen, kan ei salutogen tilnærming bidra til å stimulere individ til å sjå eigne mogelegheiter (Langeland, 2017, s. 42). Ei slik tilnærming ligg vel på linje med samfunnsarbeid, kor det er naturleg å nytte eit ressorsorientert perspektiv om individ og grupper (Sudmann & Henriksbø, 2011, s. 52). I grønt arbeid ligg fokuset på deltakarane sine ressursar ibuande (Granerud et al., 2012, s. 35).

Salutogenese som teoretisk rammeverk er komplikt og samansett av fleire konsept som kan inngå i studiar som ein heilskap, eller studerast åleine. Den salutogene tilnærminga har to kjernekomponentar; *generelle motstandsressursar* og *oppleving av samanheng* (sense of coherence) (Eriksson, 2022, s. 61). Funna i denne studien blir sett i ljós av oppleving av samanheng.

### 2.1.2 Det salutogene konseptet «oppleving av samanheng»

Oppleving av samanheng (OAS) er det mest grunnleggjande konseptet innan den salutogene tilnærminga (Antonovsky, 1987/2012, s. 37). Antonovsky (1987/2012, s. 37) kom gjennom sitt arbeid og forsking fram til at OAS var svaret på det “salutogene spørsmålet”: Det er ei oppleving av samanheng som skapar helse.

OAS er samansett av tre komponentar, og handlar om individ si oppleving av tilværet som

*forståeleg, handterleg og meiningsfull* (Antonovsky, 1987/2012, s. 39-41). *Forståelegheit* dreier seg om i kva grad individ opplev at stimuli dei blir utsett for i indre eller ytre miljø er kognitivt forståelege og føreseielege, framfor kaotiske og uforståelege. Personar som skårar høgt på denne komponenten forventar at opplevingar er føreseieleg og inngår i ein samanheng, slik at opplevinga vert forståeleg. *Handterlegheit* handlar om å ha tilstrekkelege ressursar til å takla utfordringar. Ressursane kan vera individuelle ressursar, eller relasjonelle ressursar slik som nære og tillitsfulle relasjonar, kollegaer, helsepersonell og så bortetter. Når personar skårar høgt på denne komponenten, ser dei seg ikkje som offer for omstenda, men aksepterer at livet er utfordrande, og opplever å ha ressursar til å handtera motgang. Den tredje komponenten, *meiningsfullheit*, viser til i kva grad individ har områder i livet som betyr mykje for dei og som gjer meining kjenslemessig. Denne kjenslemessige meininga gjer at når individ møter motgang kjenner dei det verdt å engasjera seg for å løysa utfordringa.

Alle komponentane i OAS heng saman, men korrelerer ikkje fullstendig med kvarandre (Antonovsky, 1987/2012, s. 42-44). Antonovsky (1987/2012) påpeikar at alle komponentane er naudsynte, men grunna motivasjonsaspektet som ligg i *meiningsfullheit* ser han den som mest sentral og at den er med å styrka dei to andre komponentane, *forståelegheit* og *handterlegheit* (s. 44).

På bakgrunn av dei tre komponentane definerer Antonovsky (1987/2012) OAS som:

(...) en global innstilling som uttrykker i hvilken grad man har en gjennomgående, varig, men også dynamisk følelse av tillit til at (1) stimuli som kommer fra ens indre og ytre miljø, er strukturerte, forutsigbare og forståelige, (2) man har ressurser nok til rådighet til å kunne takle kravene som disse stimuliene stiller, og (3) disse kravene er utfordringer som det er verdt å engasjere seg i. (s. 41)

Ein sterk OAS vert rekna å hjelpa individ til å mobilisera ressursar til å takla stressfaktorar og handtera spenningar på ein vellukka måte (Mittelmark & Bauer, 2022, s. 11). Antonovsky (1987/2012, s. 38) er overtydd om at OAS er avgjerande for at ein person held ved lag plasseringa si på kontinuumet mellom helse og u-helse, og eventuelt bevegar seg i retning av helse-enden.

Forskinga på OAS er særleg knytt til mental helse. I ein systematisk oversiktsartikkel kom forskarane fram til at OAS og opplevd psykisk helse er tett knyt saman. Studien konkluderer med at OAS er ein helsefremjande ressurs, som styrkar folks evne til å handtera utfordringar

og betrar subjektiv helse (Eriksson & Lindström, 2006, s. 376). Griffiths (2009, s. 72) har gjennom eit litteraturstudium hevda at det er tilstrekkeleg evidens til å stadfesta at OAS bidreg til betre psykisk helse og psykososial funksjon, og at OAS spelar ei sentral rolle i personar med psykiske helseutfordringar si meistring av stressfaktorar. Vidare vert arbeid sett som ein arena med potensiale til å styrka individ sin OAS (Antonovsky 1991, i Lillefjell et al., 2022; Lustig et al., 2000), og OAS vert hevda å vera utfallsgivande for arbeidsretta tiltak (Kaiser et al., 2006).

Grønt arbeid vert vurdert å ha ein salutogen tilnærming, fordi tiltaket skiftar fokus frå sjukdom mot deltaking og meistring (Lillefjell et al., 2022; Aasen & Andershed, 2015; Pedersen et al., 2012). Funn frå ein norsk studie finn at grønt arbeid bidreg til styrka OAS for medarbeidarar med psykiske helseutfordringar, på bakgrunn av at gardsarenaen representerer salutogene faktorar gjennom bruk av naturen, samhandling med dyr og samarbeid med andre (Aasen & Andershed, 2015). Schreuder et al. (2014, s. 148) finn tilsvarende i sin studie om korleis ungdom i eit grønt omsorg-tiltak sine erfaringar kunne sjåast opp mot salutogenese; ungdommane fekk styrka OAS gjennom at gardsaktivitetane bidrog til styrka oppleving av forståelegheit, handterlegheit og meiningsfullheit.

I denne oppgåva søker eg å bidra med meir kunnskap om samanhengane mellom salutogenese og arbeidstiltak på gard, ved å sjå medarbeidarane sine erfaringar opp mot OAS.

## 2.2 Perspektiv på arbeid

Arbeid er ein aktivitet og eit omgrep som har oppteke samfunnsforskarar av ei mengde slag, slik som økonomar, sosiologar, sosialantropologar, statsvitarar, psykologar og pedagogar (Wadel, 1977, s. 387). Ulike faggrupper- med tilhøyrande teoretiske perspektiv- tek stilling til spørsmålet om kva arbeid er på ulike måtar (Underlid, 1992, s. 17). Under presenterer eg perspektiv frå Wadel (1977) og Freire (1999) som eg lener meg på i diskusjonen av funna.

### 2.2.1 Arbeidsomgrepet- kva er arbeid?

For å forstå og undersøkja arbeidsdimensjonen ved grønt arbeid er *kva* som ligg i arbeidsomgrepet relevant. Arbeid som omgrep kan bli forstått på ulike måtar. Svendsen (2011) opnar for eit vidt arbeidsomgrep, i det han skriv at “Arbeid kan være betalt eller ubetalt, morsomt eller kjedelig, frigjørende eller et slags slaveri. Arbeid er en forbannelse for

noen og en velsignelse for andre- og litt av begge deler for de fleste av oss” (Svendsen, 2011, s. 18). Han skildrar korleis arbeidets art er forskjellig, og at individ er ulike, og oppfordrar difor til ei skeptisk haldning til generelle påstandar om arbeid (Svendsen, 2011, s. 18-19). Fordi arbeid er eit enormt variert fenomen med mange ulike aspekt, som er påverka av tidsand og kultur, kan ikkje spørsmålet om kva arbeid er svarast på med eit enkelt svar (Svendsen, 2011, s. 21; Grint & Nixon, 2015, s. 6). Ein forfattar som går i djupna på korleis me kan forstå arbeid er sosialantropologen Cato Wadel. Wadel (1977) slår fast at arbeid ikkje er noko eintydig omgrep, og påpeikar at;

Arbeid er ikke bare en aktivitet som forefinnes i det vi til daglig betegner som arbeidslivet. Arbeid er noe vi foretar oss også utenom arbeidslivet, og utenom arbeidstid og arbeidsplass. Vi betrakter heller ikke all den aktivitet som foregår på det vi kaller arbeisplasser som arbeid. (s. 387)

Med dette meiner Wadel (1977) at til dømes det å gje tid og omsorg i nære relasjonar kan vera eit viktig (men ubetalt) stykke arbeid, som er gunstig både for enkeltpersonar og for samfunnet i stort, til dømes gjennom mindre bruk av helsetenester. Likeins kan (betalt) småprat ved kaffimaskina på ein arbeidsplass knyta tettare band mellom kollegaer og auka trivselen på jobb, og soleis føre (indirekte) til både lågare sjukefråvær og høgare produktivitet (i Heggebø, 2020, s. 39).

Wadel (1977, s. 390; 1981, s. 33) understrekar at økonomar, på trass av mangfaldet som arbeid kan representera, som regel nyttar eit enkelt omgrep om arbeid. *Det økonomiske arbeidsomgrepet*, som han kallar det, ser arbeid eine og åleine som aktivitetar som vert etterspurd og tilbydd på arbeidsmarknaden. Wadel (1977) presenterer også det han omtalar som eit *folkeleg arbeidsomgrep*, som i høg grad samanfallar med det økonomiske arbeidsomgrepet. Både økonomar, og folk flest forbinder som regel arbeid med; «(...) en aktivitet som det blir betalt for (lønnsarbeid), en aktivitet som foregår bestemte steder (bedrifter, arbeisplasser) og til bestemte tider (arbeidstid)” (Wadel, 1977, s. 392).

Samstundes er det folkelege arbeidsomgrepet vidare enn det økonomiske, fordi det også inkluderer arbeid som ikkje er lønna, til dømes politisk arbeid, frivillig arbeid og omsorgsarbeid. Jamvel vil dei fleste ikkje legitimere dette som “skikkeleg arbeid”, på linje med lønnsarbeidet (Wadel, 1984, s. 47-48). I det folkelege arbeidsomgrepet ligg det soleis ein moralsk komponent. Det er gjennom lønnsarbeidet at folk kan tene til livets opphald, forsørgje

familie, at dei kan gje tilbake til samfunnet, at dei ikkje er fullstendig avhengig av sine medborgarar og arbeidsinnsats rettferdiggjer ervervinga av forbruksvarer. Med andre ord set arbeid personar i ein komplementær posisjon til familien, lokalsamfunnet, storsamfunnet og forbrukssamfunnet (Wadel, 1977, s. 396).

På bakgrunn av at det økonomiske arbeidsomgrepet og det folkelege arbeidsomgrepet representerer relativt snevre forståingar av kva arbeid er, argumenterer Wadel (1984, s. 60) for å innføre eit omgrep som famnar breiare, ved å inkludera større delar av verdiskapinga som skjer i samfunnet. Han grunngjев for dette ved å vise til at empiriske studiar på mangfaldet av aktivitetar som utgjer folks dagleliv er mangelfulle med omsyn til å inkludere eit større omfang av verdiskapinga. Den individuelle og subjektive klassifiseringa av aktivitetar og tidsbruk fell nødvendigvis ikkje saman med den samfunnsmessige klassifiseringa. Han tek difor til ordet for eit teoretisk grunnlag som kan vise korleis individuelle aktivitetar og tidsbruk gjev seg samfunnsmessige utslag (Wadel, 1984, s. 60). På bakgrunn av dette foreslår Wadel (1977) fylgjande samfunnsvitskaplege definisjon av arbeid; "Arbeid er menneskelige aktivitetar som kan påvises å vedlikeholde, etablere eller endre alment verdsatte sosiale institusjoner, enten disse aktivitetar har dette som målsetting eller ikke" (s. 407).

Wadel (1977, s. 399-404) opnar for at ei rekke aktivitetar bør reknast som arbeid. Han hevdar at uformelt arbeid innan formelle organisasjonar (til dømes kollegial småprat), personleg sosialt arbeid i nærmiljø og lokalsamfunn (støtte, rådgiving, gå på besøk, visa høfleghet og så bortetter) og uformell politisk aktivitet (i frivillige organisasjonar eller i forbinding med representasjons- og valarbeid) alle er aktivitetar som er blitt oversett som arbeid. I tillegg peikar han på ei siste aktivitet, nemleg det å vera i ei *klientrolle*. Wadel (1977, s. 404) ser klientrolla som ein aktivitet som *aktivt* er blitt definert som ikkje-arbeid. Eit kjenneteikn ved "klientar" er at dei er å rekna som *mottakarar* av arbeid, i form av til dømes offentlege tenester. Sjølv om me reknar med at det å vera klient kan krevja tid, handling og innsats, så vert ikkje denne tidsbruka sett som arbeid. Det er særleg denne «arbeidsaktiviteten» eg ser som relevant for denne oppgåva. Med utgangspunkt i funna vil eg søkje å sjå nærmare på korleis me kan forstå grønt arbeid med omsyn i arbeidsomgrepet. Eg vil sjå nærmare på om Wadel (1977; 1984) si forståing av arbeid kan vera fordelaktig, eller uheldig, med omsyn til medarbeidarane sine erfaringar av grønt arbeid.

Wadel (1977) sine refleksjonar og perspektiv på arbeidsomgrepet er forankra i dåtidas sosialpolitiske debatt. Den gongen fekk han tilsvær og vart kritisert av Ringen (1979) som argumenterte for at samfunnfsforskinga måtte halda seg til eit snevert omgrep om “nyttig arbeid” (i Midtbøen & Pedersen, 2020, s. 8). Ringen (1979) sin posisjon kan ifylgje Heggebø (2020, s. 40) sjåast som eit tidleg uttrykk for arbeidslinja. Heggebø (2020) argumenterer for at Wadel (1977) sitt perspektiv framleis er av høg relevans i dagens samfunn, fordi ei for snever forståing av arbeid som omgrep kan få fleire uheldige og utilsikta konsekvensar. Spesielt gjeld dette kategorisering av “dei arbeidande” og “dei trygda” (s. 44).

Wadel (1977) sitt teoretiske perspektiv er inkludert i fleire studiar om arbeid og arbeidslause i Noreg. I artikkelen “Fremmed i Nav- arbeidslinja i praksis” skriv Øversveen og Forseth (2018) om korleis målinga av arbeidsevne er organisert i praksis, og kva for konsekvensar denne organiseringa får for kvardagen til dei som er arbeidsledig. I artikkelen legg dei til grunn ein brei arbeidsdefinisjon, for å “(...) synliggjøre arbeid som sjeldan blir anerkjent, for eksempel det klienter utfører som mottagere av velferdstjenester” (Øversveen & Forseth, 2018, s. 8) og viser til Wadel (1977). På bakgrunn av dette analyserer dei arbeidsledigkeit som eit institusjonelt fenomen produsert av arbeidet til arbeidsledige og Nav-rettleiarar. Vidare blir funn sett i samanheng med Wadel (1977) si forståing av det folkelege arbeidsomgrepet og korleis arbeidet har ein moralsk komponent, når dei fann at arbeidsledige opplevde vurderinga av arbeidsevna som ei kjelde til usikkerheit og lågt sjølvbilete (Øversveen & Forseth, 2018, s. 16).

### 2.2.2 Paulo Freire- ein frigjerande pedagogikk

Freire (1999) sin frigjeringspedagogikk står sterkt i samfunnsarbeid (Larsen et al., 2022, s. 67). Freire vaks opp i Brasil i ein middelklassefamilie som sank ned i fattigdom som fylgje av «dei harde trettiåra» (Nordland, 1999, s. 9-10). Denne erfaringa som barn gjorde at Freire byrja å fundere. Han oppdaga noko han skildra som den “tause kultur” blant “fattige”: dei hadde samhald og omsorg for kvarandre, men mangla kraft til å handla for forandring (Nordland, 1999, s. 10). Ledwith (2011, s. 55) forklarar den tause kulturen som at politisk, sosial og økonomisk dominansen førar til passiv aksept hjå dei som vert marginalisert. Freire var oppteken av at folk skulle bli medviten denne tause kulturen, og han funderte kring om nye måtar for elev og lærar å omgå kvarandre på kunne vera ei reiskap for forandring. Om det vart skapt eit likeverdig fellesskap og dialog mellom elev og lærar, då kunne begge partar bli medviten den tause kulturen. Dette var grobotn for hans idear om eit læremiljø som han kom

til å kalla ein *frigjerande pedagogikk* (Nordland, 1999, s. 10-11).

Sentralt i Freire (1999) sin frigjeringspedagogikk er ideen om å vera subjekt i eige liv. Eit kvart individ deltek i eit system som er i rørsle; røynda er ikkje fastlåst, og kan endrast og betrast. Men sosial deltaking føreset at individ ikkje er utrygg, passivisert eller undertrykt. Elevar må kjenna seg som likeverdige deltakarar i det sosiale fellesskapet (Nordland, 1999, s. 12-13). Eit sentralt poeng hjå Freire (1999) er det han omtalar som ei bank-undervisning, som står i kontrast til den frigjerande pedagogikken. Bankundervisning dreier seg om at undervisninga vert ei handling som tek sikte på å oppbevara elevar som skal ta imot, registrera og oppbevara kunnskap, lik som i pengeoverførsel i ein bank (Freire, 1999, s. 55-56). I slik undervisning er læraren ein ekspert, og eleven “uvitande”, og kunnskapen er ei gáve frå læraren til eleven (Freire, 1999, s. 55). Den frigjerande undervisinga er på den andre sida ei oppløysing av motseiinga mellom lærar og elevar ved at polane i motseiinga vert foreina og begge partar samstundes vert lærarar og elevar (Freire, 1999, s. 55-56).

Nordland (1999, s. 14) hevdar at Freire (1999) sin pedagogikk er høgaktuell også i den vestlege verda, fordi det føregår systematisk undertrykking av grupper. Dette kan gjelda grupper som står utanfor fordi dei har problem knytt til faktorar som arbeid, helsa og språk. Dei kan oppleve stigmatisering og kategorisering, og mangla ord for sine rettar (Nordland, 1999, s. 14-15). Det er ikkje vanskeleg å sjå personar med psykiske helseutfordringar i ljós av ein slik kontekst, ettersom dei kan oppleva livstilværingar prega av avmakt, stigmatisering og risiko for marginalisering frå samfunnsarenaer (Askheim, 2012, s. 12; Karlsson & Borg, 2013, s. 95-97). Ut frå dette ser eg det som relevant og interessant å inkludere Freire (1999) sine idear i diskusjonen av funna i oppgåva.

## 3.0 Metode

I dette kapittelet gjer eg greie for dei metodologiske vala eg har tatt i oppgåva. Eg skildrar korleis eg har gått fram for å rekruttera utvalet, som bestod av medarbeidalarar og bønder, før eg går inn på forskingsdesignet, som er intervju og deltagande observasjon, og presenterer gardsbruksinnhenta data frå. Deretter presenterer eg analyseprosessen, før det føl ein metodologisk diskusjon kring studiens kvalitet. Til sist greier eg ut om forskingsetiske omsyn.

### 3.1 Metodologisk tilnærming

Metodologisk tilnærming og metode må veljast på bakgrunn av kva som er føremålstenleg og relevant for problemstillinga ein belyser i studien (Malterud, 2017, s. 32). Eg har valt ei kvalitativ tilnærming fordi eg undersøkjer medarbeidalarar sine erfaringar med grønt arbeid, og kvalitative forskingsmetodar eignar seg til å studere meiningsinnhaldet i sosiale og kulturelle fenomen gjennom å undersøkja korleis personar subjektivt opplever og erfarer fenomenet (Chreswell, 2013, s. 44; Malterud, 2017, s. 36). Fenomen kan skildrast på ulike måtar, og kvalitative metodar kan difor bidra til mangfaldig og nyansert kunnskap (Malterud, 2017, s. 30). Kunnskapsutviklinga er forankra i det fortolkande paradigmet med røter frå hermeneutikk, fenomenologi og sosialkonstruksjonisme. I det fortolkande paradigmet anerkjenner og undersøkjer ein subjektivitet med forskaren som ein sentral og medverkande reiskap, ut frå ei grunnforståing av at verda kan oppfattast ulikt avhengig av subjektiv ståstad. Tilnærminga er induktiv, som inneber at forskaren trekker slutningar frå det enkeltståande til det allmenne (Malterud, 2017, s. 27, 35-36).

For å gje plass til erfaringsdimensjonen til informantane velte eg fenomenologi som vitskapsteoretisk- og epistemologisk posisjon. I fenomenologi vert merksemda retta mot korleis fenomen vert erfart *for* subjektet, ikkje mot fenomen uavhengig av subjektet (Thornquist, 2018, s. 101). Ein søker å forstå og skildra meiningsmenneske legg i ei oppleveling knytt til ei bestemt erfaring av eit fenomen, frå eit fyrstehandsperspektiv (Postholm, 2010, s. 41; Thornquist, 2018, s. 106-107). Eit sentralt omgrep i fenomenologi er difor “livsverd”, som er verda me lev i til dagleg, og som me har beinveges fortrulegheit til og erfaring med (Thornquist, 2018, s. 105). I *fortolkande fenomenologi*, som eg tek utgangspunkt i, kan ikkje livsverda utan vidare gjerast tilgjengeleg som kunnskap for andre. Forskaren må fortolka meiningsmenneske ved livsverda for å kunne skildra levd erfaring (Creswell & Poth, 2018, s. 78). Mine skildringar av informantane sine erfaringar fordra ei fortolking og analyse av svara,

forteljingane, handlingane og observasjonane som kom fram av datainnsamlinga. Fortolkande fenomenologi byggjer på hermeneutikk, som rettar seg mot spørsmål knytt til forståing og fortolking (Lopez & Willis, 2004, s. 728; Thornquist, 2018, s. 23). Den fortolkande fenomenologien inneber ein dobbelt hermeneutikk, fordi forskaren søker å forstå det som informantane forsøkjer å forstå om sine erfaringar (Smith, 2009, s. 3). Søkjeljaset ligg på skilnader og fellestrekke ved informantane sine subjektive erfaringar (Smith et al., 2009, s. 3), og fordrar slik eit fokus på ulike nyansar ved fenomenet.

### **3.2 Utval og rekruttering**

Utvalet for studien er strategisk, som inneber at utvalet er samansett med mål om at studiefeltet og informantane på best måte bidreg til å belyse problemstillinga (Creswell & Poth, 2018, s. 158). Informantane er både medarbeidarar i grønt arbeid, og bønder som tilbyr arbeidstiltak. Sjølv om studien handlar om medarbeidarane sine erfaringar med grønt arbeid, inkluderte eg bønder i utvalet fordi dei kan utfylla empirien ved å bidra med generaliserte synspunkt ut frå erfaringa av å tilby grønt arbeid.

For å få tilgang til studiefeltet og rekruttera informantar nytta eg Inn på tunet si heimeside, som listar opp gardsbruk som tilbyr grønt arbeid i Noreg. Utvalskriteriene var at gardsbruken hadde tilbod for personar med psykiske helseutfordringar og at arbeid knytt til husdyr var del av arbeidstiltaket. Eg tok kontakt per e-post med bønder som særleg sto fram som relevante for studien med omsyn til utvalskriteria.

Inklusjonskriteria for utvalet var at medarbeidarane var over 18 år og hadde delteke i grønt arbeid i minst ein månad. I tillegg måtte årsaka til deltaking i arbeidstiltaket vera at informanten sto utanfor ordinært arbeidsliv grunna psykiske helseutfordringar. I denne samanheng innhenta eg ikkje opplysningar andsynes informantane si psykiske helse, men det vart informert om at studien handla om personar med psykiske helseutfordringar sine erfaringar med grønt arbeid gjennom bøndene, munnleg informasjon og i informasjonsskrivet om studien (Vedlegg 2).

For å innhenta rik kunnskap om informantar si livsverd er det naturleg i kvalitativ forsking generelt, og i studiar med fenomenologisk tilnærming spesielt, at utvalet er relativt lite (Ringdal, 2018, s. 110; Creswell & Poth, 2018, s. 159). Utvalet bestod av sju informantar frå to gardsbruk, kor fem av dei var medarbeidarar, og to bønder. Før datainnsamlinga var

studiens fokus arbeidstrening (AFT) på gard. I møte med feltet endra eg fokuset til å omhandle grønt arbeid på generell basis. Medarbeidarane var, eller hadde vore, i *varig tilrettelagt arbeid* eller *arbeidsførebuande tiltak* på gard. Dei som ikkje var i arbeidstiltak under datainnsamlinga hadde tilknyting til garden gjennom frivillig og/eller løna arbeid. Ein medarbeidar var ikkje i ordinært arbeidstiltak, men arbeidde frivillig ved eitt av gardsbruka og var inne i ein søkeradsprosess om å få varig tilrettelagt arbeid der. Eg inkluderte likevel medarbeidaren som informant, fordi vedkommande utførte arbeid på linje som eit arbeidstiltak, og har soleis bidrige med kunnskap om sine erfaringar av å jobba på gard. Informantane var av begge kjønn, og i aldersspennet frå tjueåra til femtiåra. Alle, med unntak av ein medarbeidar, mottok uføretrygd og var ferdig avklart hjå Nav med omsyn til arbeidsevne, og alle bortsett frå ein hadde delteke i grønt arbeid i meir enn eitt år. Medarbeidarane var/hadde vore på arbeid på garden to til fem dagar i veka.

### 3.3 Forskingsdesign

Eg har nytta *semistrukturert djupneintervju* og *deltakande observasjon* som metode i studien. Det er vanleg å kombinere desse metodane, sokalla metodetriangulering (Fangen, 2010, s. 171). Ved å kombinere metodar kan svakheiter ved den eine metoden vegast opp av styrken ved den andre (Larsen, 2017, s. 30).

#### 3.3.1 Intervju og intervjustituasjonen

Intervju er den vanlegaste datainnsamlingsstrategien i studiar med fenomenologisk tilnærming (Smith et al., 2009, s. 4). Samtalar gjev innblikk i eller ei forståing av kva som går føre seg i andre si bevisstheit, og difor innblikk i livsverda (Postholm, 2010, s. 68). Eg gjennomførte individuelle *semistrukturerte djupneintervju*, som er planlagde og fleksible intervju med føremål om å innhenta skildringar av informantar si livsverd og korleis dei opplev eit fenomen frå sin ståstad (Kvale, 2007, glossary).

I intervjua brukte eg intervjuguide med tematiske spørsmål laga med omsyn til studiens problemstilling og forskingsspørsmål. Eg hadde eigen intervjuguide retta mot medarbeidarane (Vedlegg 4), og ein for bøndene (Vedlegg 5). Intervjuguidane inneheldt relativt mange spørsmål for å leggje til rette for intervjustituasjonar med behov for oppfølgingsspørsmål (Tjora, 2021, s. 160). Eg nytta opne spørsmål av typen “korleis vil du skildre...?”, og brukte oppfølgingsspørsmåla for å få utdjuping eller avklaring. I semistrukturerte intervju er

intervjuguiden fleksibel med omsyn til rekkefølga spørsmåla vert stilt, og at det er rom for utdjupingsspørsmål basert på det informanten fortel (Larsen, 2017, s. 99). Fleksibiliteten bidrog til informasjon som eg på førehand ikkje hadde tenkt ut å spørje om, fordi eg var open og stilte spørsmål kring ulike nyansar ved arbeidstiltaka som informantane tok opp (Larsen, 2017, s. 99-100).

Dei fleste intervjuua føregjekk på gardsbruken for å leggja til rette for at intervjet vart gjennomført på ein arena kor informantane kunne kjenne seg trygge (Tjora, 2021, s. 135). Informantane var med å bestemme kor intervjuua skulle gjennomførast. Intervjuua tok plass i eit opphaldsrom, på ein benk ute på tur med ein hund, i ein gapahuk, i stova til ein av bøndene og i stova til ein informant. Det kortaste intervjet varte i femten minutt, men dei fleste intervjuua varte omlag ein time. Eg hadde eitt intervju med alle informantane, med unntak av at eg hadde to oppfylgingsintervju med ein av bøndene.

Intervjuua vart etter samtykke spelt inn på ljodband ved hjelp av diktafon, for at eg kunne vie merksemda til informantane framfor å notere, og for å sikra ein tilstrekkeleg analyse (Tjora, 2021, s. 181). Kvart intervju starta med enkle bakgrunnsspørsmål som gav meg og informanten ei oppvarming til intervjustituasjonen (Tjora, 2021, s. 159). Eg vektla at informantane skulle få tala fritt, ved å forsøkje å ikkje avbryta dei. Undervegs i intervjet nytta eg verbal- og non-verbal kommunikasjon, slik som «mm», «interessant», og augekontakt, nik og smil, for å vise interesse for det informantane formidla, og for å oppmuntre dei til å utdjupe.

### *3.3.2 Feltarbeid og deltakande observasjon*

Samfunnsarbeid inneber å identifisera handlingsrom og undersøkja vilkår for sosial deltaking ilag med dei involverte (Sudmann & Henriksbø, 2011, s. 52). For å undersøkja, forstå og skildra prosessane og erfaringane som er involvert i grønt arbeid, var nærleik til feltet ein føresetnad. Difor inkluderte eg feltarbeid som metode i studien. Feltarbeid inneber å innhenta data ved å opphalda seg blant personane ein studerer i deira naturlege setting (Wadel & Fuglestad, 2014, s. 17). Mitt feltarbeid innebar fire og ein halv arbeidsdag på eitt av gardsbruken, og ein arbeidsdag, i tillegg til ein ettermiddag kor eg gjennomførte intervjuua, på det andre gardsbruket. Til saman utgjorde dette om lag førti timar i feltet, og er å rekna som eit kortvarig feltarbeid (Fangen, 2010, s. 123). Feltarbeidet vart gjennomført i november og desember i 2022. I feltarbeidet nytta eg *deltakande observasjon* som datainnsamlingsmetode.

Deltakande observasjon inneber at forskaren føl menneska hen studerer i ein periode, og deltek ilag med dei i deira samanhengar. Føremålet er overordna å skildra kva folk seier og gjer i samanhengar som ikkje er strukturert av forskaren (Fangen, 2010, s. 9-12).

Gjennom deltakande observasjon utførte eg to formar for handling på same tid; eg involverte meg i samhandling med medarbeidarane og bøndene, samstundes som eg observerte kva dei føretok seg (Fangen, 2010, s. 13). Deltakande observasjon vert gjennomført med ulik grad av deltaking og av observasjon. Fangen (2010) skildrar metoden som «(...) en skala som går fra kun å observere til kun å delta» (s. 13). Det gjeld å kombinera desse handlingsprinsippa på ein vellukka måte (Fangen, 2010, s. 13). I mitt felter arbeid tok eg del i arbeidsdagen på gardane ilag med medarbeidarane, og utførte dei same arbeidsoppgåvene og aktivitetane som dei. Med andre ord valte eg det Fangen (2010, s. 75) kallar *fullt deltakande observatørrolle*. Eg valte denne rolla fordi eg vurderte det som føremålstenleg for studien, og deltakinga utspelte seg som ein viktig føresetnad. For å forstå medarbeidarane sine skildringar av erfaringane av grønt arbeid, og for å kjenna til konteksten desse var plassert i, måtte eg sjølv gjera meg opp nokre erfaringar med å arbeida på gardane. Det er nemleg konteksten som gjev mening til sosiale situasjonar, og deltakande observasjon gjev høve til å fanga opp både den sosiale og den fysiske konteksten (Postholm, 2010, s. 24, 59). For å seinare kunne leggja ei skildring nært opp til medarbeidarane sin eigen, måtte eg fortolka kva som skjedde i kraft av å sjølv vera deltakar (Fangen, 2010, s. 209). I tillegg gav felter arbeidet medarbeidarane på ein av gardane høve til å bli kjent med meg før dei samtykka til intervju. Slik eg ser det var felter arbeidet difor ein viktig del av arbeidet med å få tilgang til studiefeltet.

Sjølv om eg tok ei fullt deltakande observatørrolle, deltok eg på andre premiss enn medarbeidarane, og var ikkje i arbeidstiltak. Som Fangen (2010) poengterer; «... du som forsker [er] alltid i større eller mindre grad preget av din bakgrunn, og du kan aldri se verden nøyaktig slik de menneskene gjør som du studerer» (s. 209). Det er heller ikkje eit ideal å oppnå fullstendig deltaking, men snarare å søkja den graden av deltaking som gjev mest fullnøyande data. Ved å finna ein balanse mellom rollane som deltakar og observatør, kan ein skifta mellom eit innside- og utsideperspektiv, og formidla det ein har erfart på ein måte som gjer det mogeleg for andre å få innsyn i kunnskapen ein har tileigna seg (Fangen, 2010, s. 73).

Felter arbeidet bestod av mange *feltsamtalar*, som er uformelle samtalar mellom forskar og informant som går føre seg meir eller mindre spontant og naturleg (Buvik et al., 2020, s. 223).

Samtalane eg var involvert i føregjekk på tomannshand med medarbeidarar eller bonden, eller med fleire medarbeidarar, anten med eller utan bonden til stades. Nokre samtalar var kvardagslege og kollegiale samtalar om laust og fast, medan andre handla om ulike sider ved grønt arbeid. I fylgje Swain og King (2022, s. 2) har fysisk setting innverknad på korleis samtalar artar seg. Når samtalane føregjekk medan me gjorde reint i ein dyrebingse eller åt lunsj kunne samtalane gli på ein annan måte, enn når me sat ovanfor kvarandre med ein diktafon og ein intervjuguide imellom oss i dei semistrukturerte intervjuia. Feltsamtalar har soleis den fordelen at dei kan letta kommunikasjonen mellom forskar og informant fordi samtalane ikkje i like stor grad som i intervju er prega av prestasjonsfokus (Swain & King, 2022, s. 2), noko som kan resultere i meir personlege data (Buvik et al., 2020, s. 223).

I feltarbeidet utførte eg *ustrukturerte observasjonar*, som ber preg av ei open tilnærming, kor ein ikkje har bestemt konkret kva ein skal observera på førehand (Larsen, 2017, s. 107). Eg skreiv feltnotat kor eg noterte observasjonar, samtalar og eigne refleksjonar. Etter kvar feltøkt utfylte eg feltnotata ved å skriva ein kronologisk og detaljert rapport frå heile dagen. Denne måten å registrera observasjonar på gjev fyldige skildringar av det som er observert (Larsen, 2017, s. 108), noko som var tenleg fordi eg ikkje på førehand visste kva av det eg observerte som ville bli relevant for analysen (Wadel & Fuglestad, 2014, s. 222). Jamvel den opne tilnærminga, var det slik at det eg fanga opp og observerte var påverka av førforståinga mi og mine fortolkingar avfeltet (Fangen, 2010, s. 209). Meir om dette under skildringa av analyseprosessen seinare i kapittelet.

### 3.4 Feltarenaen: presentasjon av gardsbruka

I forskingsarbeid er det sentralt å skildra settinga det vert forska i, slik at konteksten som funna må bli forstått i forhold til går klart fram (Postholm, 2010, s. 59-60). Under skildrar eg dei to gardsbruka eg har innhenta data frå. Gardane har fått dei fiktive namna *Katthult* og *Farmen*. Av omsyn til anonymitet har eg endra på karakteristikkar ved gardsbruka.

#### 3.4.1 *Katthult*

I feltarbeidet var eg mest på garden «Katthult» som i hovudsak vert drive av bonden «Kari». Kari har ulike typar husdyr; geiter, sauер, kaninar, høns, kattar og hund. Garden har store områder med utmark som vert brukt til beite og til å hauste fór til dyra. På Katthult tilbyr Kari ulike inn på tunet-tenester, mellom anna varig tilrettelagt arbeid for personar med psykiske

helseutfordringar.

På Katthult startar arbeidsdagen for medarbeidarane om morgonen og varar om lag seks timer. Arbeidsdagen plar starta i oppholdsrommet til Kari og medarbeidarane, frå no av kalla «varimestova». Varmestova er som ei hytte, innreia med kjøkken, spisebord, peis og sitjegruppe. Då eg var i feltarbeid på Katthult starta dagane med småprat og varm drikke framføre peisen før Kari og medarbeidarane vart einige om dagens arbeidsfordeling.

Det er eit mangfold av arbeidsoppgåver på Katthult. Nokre arbeidsoppgåver er faste og må gjerast dagleg, medan andre varierer. Arbeidsdagen startar alltid med dyrestell. Dyra får fôr og vatn, og det vert gjort reint i dyrebingane når det trengs. Andre arbeidsoppgåver er mellom anna å skjæra brødmat til dyra, plukka, vaska og pakka egg, hogga og sortera ved, og andre førefalne arbeidsoppgåver. Rundt klokka elleve er det lunsjpause. Då vert det dekka bord, og Kari serverer brød med eit mangfold av pålegg, inkludert egg frå gardenes høner. Etter lunsj plar ein av medarbeidarane å ta oppvasken, medan dei andre går ut og held fram med ulike arbeidsoppgåver til arbeidsdagen er over.

#### *3.4.2 Farmen*

I laupet av feltarbeidet var eg to dagar på garden «Farmen». På Farmen bur det eit mangfold av ulike typar husdyr, mellom anna hest, sau, kaninar, høns og hund. Garden har mykje utmark som vert brukt til beite og til hausting av fôr til dyra. Farmen vert drive av to bønder. I denne studien er det bonden «Frida» som er informant. På Farmen tilbyr dei fleire Inn på tunet-tenester, inklusive ulike arbeidstiltak for personar med psykiske helseutfordringar. Garden byr på varierte og sesongbaserte arbeidsoppgåver, slik som dyrestell, snikkararbeid, arbeid med utmark og anna førefallande arbeid.

Eg tok del i arbeidsfellesskapet på Farmen éin arbeidsdag. Då fekk eg fylgja ein av medarbeidarane som er informant i studien. Eg fekk sjølv kjenna på kroppen kor fysisk tungt arbeidet var, og kor mykje arbeid som måtte gjerast. Det vart grilla pølser og kokt kaffi på bålpanne til lunsj, som vart fortært i lystig lag, før ein ny arbeidsøkt sto for tur.

### **3.5 Mi førforståing**

Dalland (2020, s. 60) gjer det klart at forskarar skal vera medviten og gjera greie for førforståinga si i forskingsarbeid. Førforståinga mi opp mot denne studien er bygd på teoriar og forsking eg har lese om temaet, fagbakgrunnen min som sosionom og student i samfunnsarbeid, og mitt engasjementet og personlege erfaring med gardsdrift. På bakgrunn av dette hadde eg ei positiv førestilling om grønt arbeid, og ei tru om at dette var eit viktig og nyttig tilbod for personar med psykiske helseutfordringar.

Før eg starta datainnsamlinga skreiv eg ned forventningar og antakingar til både grønt arbeid generelt, og om datainnsamlinga for oppgåva spesielt, for å bli medviten eiga førforståing, slik at eg kunne vera på vakt for den i datainnsamlinga og forsøke og stilla meg open for det som ville koma fram av feltarbeidet og intervjuia. Eg kjem tilbake til korleis eg har forsøkt å setje til sides førforståinga i neste delkapittel som handlar om analyseprosessen.

### **3.6 Analyse**

#### *3.6.1 Transkribering*

Transkribering av ljodopptak frå intervju gjer at dataa vert organisert og gjort tilgjengeleg for analyse (Malterud, 2017, s. 77). Eg har transkribert ljodopptaka frå intervjuia ordrett, for å mest mogeleg lojalt ivareta det opphavelege datamaterialet, slik informantane sine erfaringar og meiningar vart formidla og oppfatta under datainnsamlinga (Malterud, 2017, s. 77). Det vert hevdat ein ordrett omsetjing kan risikera latterleggjering av informantar sine uttrykk (Kvale, 2007, i Malterud, 2017, s. 78). Eg tek avstand frå dette, fordi eg meiner ein bør akseptera og anerkjenna at munnleg og spontant språk ikkje er fritt for «feil», og ikkje kan samanliknast med skriftspråket. Det er innlysande at munnleg tale skil seg frå skriftleg språk (Tjora, 2021, s. 186). For å formidla datamaterialet erfaringsnært har eg difor latt sitata vera i sin opphavelege form, men eg har likevel forsiktig gjort enkelte endringar, der det har vore naudsynt for å forstå det som vart formidla, og i resultatpresentasjonen har eg omsett sitata til nynorsk av omsyn til anonymisering. For å ivareta det erfaringsnære har eg inkludert fyllord som “ehm”, latter og liknande. Når informanten har teke pausar har eg markert det som tre punktum i teksten.

#### *3.6.2 Analyseprosessen*

Datamaterialet bestod av transkripsjonen frå intervjuia, på om lag hundre maskinskrivne sider, i tillegg til tjue maskinskrivne sider med felnotat. Eg har analysert datamaterialet med

utgangspunkt i Malterud (2017) sin analysestrategi, *systematisk tekstkondensering* (systematic text condencation (STC)). STC er ein pragmatisk og trinnvis metode for tematisk tverrgåande analyse av kvalitative data (Malterud, 2017, s. 97). Metoden er inspirert av Giorgi (1985) sin psykologiske fenomenologiske analysemetode, men er ikkje ein fenomenologisk metode. Ved bruk av STC delar forskaren fenomenologiens oppfatning av at subjektive erfaringar frå livsverda er å rekna som gyldig kunnskap, men forskaren fordjupar seg ikkje i livsverda som grunnleggjande analyseperspektiv (Malterud, 2017, s. 115-116).

STC vart valt som analysemetode fordi eg såg den som veleigna når eg som nybyrjar skulle ta fatt på å analysera eit omfattande datamaterialet på eige hand. Eg opplevde analysemetoden som grundig forklart, og at den er med å sikra ein transparens analyseprosess (Malterud, 2012).

### 3.6.3 Analyseprosessen trinn for trinn

Systematisk tekstkondensering vert gjennomført i fire trinn. I trinn 1. er målet å få eit heilskapsinntrykk og bli betre kjent med datamaterialet (Malterud, 2017, s. 99). Eg las gjennom transkripsjonen og felnotata to gonger. Eg skilte ut samtalane frå felnotata, og la dei resterande felnotata til sides (eg kjem tilbake til korleis desse vart analysert i samband med intervjuet i neste delkapittel). Undervegs i den andre gjennomlesinga tok eg notat, og skreiv ned førebelse tema. I dette trinnet skal ein jobba aktivt med å setje førforståing og teoretisk referanseramme til sides (Malterud, 2017, s. 99). Det er umogeleg å lesa datamaterialet utan å vera påverka av førforståinga, men heller enn å forfølgja antakingar som er bygd på førforståinga, skal ein vera *medviten* den, og unngå freistigar om å forfølgje den, og systematisk notere og utforske det datamaterialet opnar for (Giorgi, 2009, s. 92). Målet er å unngå å overdøyve informantane sine stemmer (Malterud, 2017, s. 116). Eg forsøkte å setje førforståinga til sides ved å ha med meg den opne problemstillinga når eg kom fram til førebelse tema, men la forskingsspørsmåla til sides fordi eg var klar over at desse kunne endra seg ut frå kva datamaterialet fortalte om medarbeidarane sine erfaringar (Fangen, 2010, s. 41). Analysearbeidet medførte endringar på nokre av forskingsspørsmåla.

I trinn 2. av dataanalysen skal ein skilje relevant tekst frå irrelevant tekst, ved å gå frå førebelse tema til kodegrupper, og å sortera desse (Malterud, 2017, s. 100-101). I dette trinnet laga eg ulike fargekodar for dei førebelse temaat frå steg 1. Eg gjekk gjennom datamaterialet linje for linje, og markerte tekst som var relevant for problemstillinga og temaat

(meiningsberande einingar) med sine tilhøyrande fargar. Temaa danna grunnlag for kodegrupper. Eg koda datamaterialet ved å samla tekst med lik farge på tvers av intervjuet og feltsamtalane saman under sine tilhøyrande kodegrupper. Vidare arbeidde eg med å justere kodegruppene. Nokre kodegrupper var så små at eg slo dei meiningsberande einingane saman med andre samanfallande kodegrupper, medan andre var så omfattande at eg delte dei opp. Til slutt sat eg igjen med fire overordna kodegrupper med tilhøyrande meiningsberande einingar; *helse, samhandling med dyr, sosialt samspel og læringsutbytte*.

I trinn 3. skal det sorterte datamaterialet frå analysetrinn 2. abstraherast ved å koda dei meiningsberande einingane. Føremålet er å systematisk hente ut meining ved å kondensera innhaldet i dei meiningsberande einingane som er koda ilag (Malterud, 2017, s. 105). Eg arbeidde med ein kodegruppe om gongen. Under kvar kodegruppe identifiserte eg 2-3 subgrupper som representerte hovudaspekt frå kodegruppa (Malterud, 2017, s. 106).

Kodegrupper	Subgrupper
Helse	Helsepåverknad Struktur/rutine Natur
Samhandling med dyr	Terapi Ro Ansvar
Sosialt samspel	Arbeidsmiljø/fellesskap Å få vera seg sjølve
Læringsutbytte	Kunnskapar og ferdigheter med gardsdrift Framtidvisjonar Individuell tilpassing

Tabell 1. Kodegrupper og subgrupper

For kvar subgruppe laga eg eit kondensat; eit kunstig sitat skrive i førsteperson, forankra i data som skal bera med seg det konkrete innhaldet frå dei enkelte meiningsberande einingane ved å omsetje dei til ein meir generell form (Malterud, 2017, s. 106-107). I tillegg valte eg ut eit «gullsitat» for kvar subgruppe, som er sitat frå datamaterialet som på best måte illustrerer det som er abstrahert gjennom kondensatet (Malterud, 2017, s. 108).

I steg 4. er føremålet å rekontekstualisera ved å samanfatta det som er funne i form av fortolka

syntesar som grunnlag for resultat som kan delast med andre (Malterud, 2017, s. 108). Her skreiv eg om kondensata til analytiske tekstar, i tredjepersonsform. Kvar kodegruppe representerte eitt “funn”, og subgruppene representerte ulike nyansar ved funnet. Til sist validerte eg dei analytiske tekstane opp mot samanhengane dei var henta ut ifrå i datamaterialet (Malterud, 2017, s. 110). I dette trinnet sat eg igjen med tekst som danna eit utgangspunkt for oppgåvas resultatpresentasjon.

Sjølv om analyseprosessen gjekk føre i ulike steg, var den ikkje ein lineær prosess (Malterud, 2017, s. 114-115). Eg gjekk fleire gongar fram og tilbake mellom dei ulike stega, og kodegrupper og subgrupper vart justert undervegs.

#### *3.6.4 Analyse av feltnotata*

I feltarbeidsstudiar går den analytiske prosessen føre seg frå fyrste stund, og inkluderer alt frå utvikling av forskingsspørsmål, til nedskriving og sortering av feltnotat (Fangen, 2010, s. 208). Eg skildrar her korleis eg fortolka og gjennomarbeida datamaterialet henta frå feltarbeidet, både medan eg dreiv deltakande observasjon og etterpå, som eit grunnlag for resultatpresentasjonen.

Frå fyrste stund i feltarbeidet identifiserte eg gjennom den deltakande observasjonen ulike tema som eg forfølgde vidare i feltarbeidet, samstundes som eg forsøkte å ha ein open tilnærming. Trass den opne tilnærminga, og at eg skreiv detaljerte feltnotat, var observasjonane ifeltet påverka av kva eg klarte å oppfatte og hugse, og korleis eg tolka det eg hadde sett (Wadel & Fuglestad, 2014, s. 222). Førforståing mi var også med å påverka observasjonsfokuset mitt og dei fortolkingane eg gjorde (Fangen, 2010, s. 47), på godt og vondt. Det kan vera fordelaktig å kjenna til feltet ein forskar på, fordi det gjev eit utgangspunkt for å stille gode spørsmål og å forstå det ein observerer (Fangen, 2010, s. 47). Samstundes er det ei ulempe fordi det kan medføra at ein ubevisst tek forhold for gitt, og at det er utfordrande å stille kritiske spørsmål (Wadel & Fuglestad, 2014, s. 27).

All dataanalyse inneber ei fortolking (Repstad, 2007, s. 113). Fangen (2010) skriv om ulike gradar av fortolking av datamateriale henta frå deltakande observasjon. I feltnotata har eg gjort ein *fyrstegradsfortolking*, som inneber å konstatera det ein ser og høyrer, og å forhalda seg mest mogleg nøytral (Fangen, 2010, s. 208-209). Når eg skreiv feltnotata var eg difor oppteken av å skildre det eg observerte, utan å leggja til eigen fortolking av observasjonen. Til

dømes skreiv eg heller “bonden smilte og såg medarbeidaren i augo”, i staden for “bonden var glad for å sjå medarbeidaren”. Vidare var det sentralt, i tråd med det fenomenologiske perspektivet, å søkja å skildra medarbeidarane på deira eigne premiss. I fyrstegradsfortolkingar fortolkar ein gjerne begivenheiter med omgrep som er nært opp til eller identisk med dei som informantane sjølv brukar (Fangen, 2010, s. 209). Eg var bevisst på å notere utsegn og samtalar så nært til slik dei faktisk vart formidla. I analyseprosessen og i presentasjonen av resultata tok eg difor i så stor grad som mogeleg i bruk dei omgrepa informantane sjølv nytta. På denne måten kan analysen bli meir erfaringsnær (Geertz, 1973, i Fangen, 2010, s. 209).

Ei analyse skal vanlegvis tilføre noko meir til det ein har observert, for å kunne setje observasjonane inn i eit nytt perspektiv. Difor er det å bruka meir erfaringsfjerne analyseformar ein viktig tilnærming (Fangen, 2010, s. 208-211). For å gå frå ei tynn skildring av erfaringsnære observasjonar, til ei tjukk skildring måtte eg inkludera eigne tolkingar av kva informantane gjorde, eller det eg trudde dei gjorde, for så å systematisera desse tolkingane (Geertz, 1973, i Fangen, 2010, s. 212). Dette var ein del av det kontinuerlege analysearbeidet eg dreiv gjennom feltarbeidet. I feltnotata noterte eg eigne tolkingar og refleksjonar kring fyrstegradsfortolkingane eg hadde skrive.

I analyseprosessen har eg jobba med feltnotata og datamaterialet frå intervjuet og feltsamtalane først kvar for seg, og så samla. Eg har sortert og koda feltnotata tematisk, og linka dei opp mot kodegruppene som kom ut av analysen av intervjeta og feltsamtalane. Fordi eg vektlegg medarbeidarane sine skildringar, har eg prioritert fyrstegradsfortolkingar. Difor har analysen resultert i meir erfaringsnære fortolkingar, enn erfaringsfjerne. I og med at studien også inkluderer intervju, og den deltakande observasjonen er utført med omsyn til å forstå meir av konteksten til medarbeidarane sine erfaringar, ser eg det som tenleg å leggja mest vekt på erfaringsnære observasjonar. Dette må ikkje mistyndast som at mine fortolkingar ikkje er til stades i analysen, all observasjon er prega av observatøren si fortolking av ei røynd (Fangen, 2010, s. 209).

### **3.7 Kvalitet på forskinga – metodologisk refleksjon**

Som student er denne masteroppgåva mitt fyrste møte med forsking i praksis. Det har vore ei bratt læringskurve, kor eg også har lært av feil eg har gjort undervegs, men som grunna oppgåvas tidsomfang ikkje har vore mogeleg å rette opp i ettertid. Kvalitet i forskinga er eit

grunnleggjande krav for å rekna kunnskap som vitskapleg (Malterud, 2017, s. 17). Kriteria for kvalitet er særleg indikatorane *reliabilitet* og *validitet* (Tjora, 2021, s. 259). I det følgjande peikar eg på aspekt ved oppgåva med omsyn til desse kvalitetskriteria, ved å skildre kva eg har gjort for å styrke kvaliteten, og påpeika og drøfte svakheiter ved studien som er med å avgrensa kvaliteten.

### 3.7.1 Reliabilitet

Reliabilitet viser til om studiar er pålitelege, og om nøyaktigheit har lege til grunn i undersøkingsprosessen (Larsen, 2017, s. 94). I kvalitativ forsking handlar reliabilitet om resultata er basert på data om faktiske forhold, og ikkje på forskaren sitt subjektive skjønn eller tilfeldige forhold som oppstår i forskingsprosessen, gjennom at datainnsamlinga har vore systematisk (Larsen, 2017, s. 95; Grønmo, 2016, s. 249). Openheit kring forskingsprosessen er difor sentralt med omsyn til reliabilitet (Johannesen et al., 2021, s. 232; Fangen, 2010, s. 251). Denne openheita har eg forsøkt å etterkoma i dette kapittelet, ved å skildre forskingsfeltet og korleis eg har kome fram til resultata mine. Vidare kan kombinasjonen av intervju og deltakande observasjon som metode kan ha styrka studiens reliabilitet (Larsen, 2017, s. 95). Når funna frå desse datainnsamlingsmetodane har samsvar med kvarandre, ser eg det som eit teikn på at dei underbyggjer kvarandre, og difor har høgare pålitelegheit enn om funna var motstridande.

Oppgåva har nokre svakheiter som kan ha implikasjonar for studiens reliabilitet. Fyrst og fremst gjeld dette datainnsamlinga kor eg nytta intervju. I ljoset av etterpåklokskapen ser eg at eg ikkje har lausrive meg frå intervjuguiden i tilstrekkeleg grad, spesielt i dei fyrste intervjuia. Eg kunne med fordel ha vore meir lydhøyr ovanfor informantane, og i endå større grad fylgt spora dei sjølv laga. I ettertid kan det tenkjast at eg har vore *for* leiande i kva intervjuia skulle omhandle. Difor er datamaterialet, og fylgjeleg også analysen, mogelegvis i for stor grad prega av mi førforståing. Vidare kan det vera ein svakheit at eg har analysert datamaterialet áleine, fordi det styrkar reliabilitet når fleire er om dette arbeidet (Krumsvik, 2014, s. 159).

### 3.7.2 Validitet

Validitet handlar om gyldigheita av datamaterialet, og er eit uttrykk på kor relevant datamaterialet er for problemstillinga og intensjonen med forskinga (Grønmo, 2016, s. 241). Truverde, bekreftbarheit og overføringsverdi er omgrep som vert nytta omkring validiteten i

studiar (Krumsvik, 2014, s. 152).

Om forskinga kan reknast som gyldig handlar mellom anna om ein har fått tak i riktige informantar til å belysa fenomenet ein undersøkjer (Jacobsen, 2022, s. 241-242). I denne samanheng er det ein styrke at eg har nytta informantar som har fyrstehandserfaring med grønt arbeid (Jacobsen, 2022, s. 241). I resultatpresentasjonen gjer eg difor eksplisitt greie for kva funn som kjem frå medarbeidarane, og kva som kjem frå bøndene. Som nemnt har eg inkludert ein informant som ikkje var i eit organisert arbeidstiltak. Dette kan utgjere ein svakheit kva gjeld gyldigheit. Vidare er det relevant om informantane er ærlege og sannferdige (Jacobsen, 2022, s. 242). I fylgje Jacobsen (2022, s. 242) kan konteksten for intervjuet medføra at informantar ikkje gjev riktig informasjon. Eg har difor tilrettelagt for at intervjuia føregjekk uforstyrra, og at ingen kunne lytte til det informantane fortalte. I feltsamtalane var det ofte fleire personar til stades, noko som kan ha medført at informantane har oppført seg annleis enn om det ikkje var andre i nærleiken. I tillegg kan det tenkjast at medarbeidarane har vore medvitne om at bøndene og andre moglegvis vil lese oppgåva, og at dette har påverka svara deira.

Eit anna aspekt kva gjeld gyldigheit omhandlar korleis informasjonen kjem fram. Informasjon kan koma som ein direkte reaksjon på stimuli frå forskaren (spørsmål), eller spontant frå informanten sjølv (Jacobsen, 2022, s. 243). I fylgje Jacobsen (2022, s. 243) har informasjon som kjem u-oppfordra større gyldigheit. Ut frå dette vurderer eg at feltarbeidet kan ha medverka til høgare gyldigheit, fordi dette i mindre grad enn intervjuia er styrt av meg. Når observasjonane samsvarer med det informantane formidla i intervjuia, trekk eg slutningar om at det er sannsynleg at dei har tala sant. Det må likevel gjerast klart at mitt nærvær kan ha påverka informantane si åtferd også i feltarbeidet. Vidare har eg forsøkt å sikra gyldigheit i analysen ved å gå fram og tilbake i dei ulike analysestegna, og validera kodinga og slutningane mine opp mot det opphavelege datamateriale fleire gonger (Malterud, 2017, s. 110-111).

Validitet handlar også om overføringsverdi, altså om funna kan generaliserast til andre enn dei ein har undersøkt (Krumsvik, 2014, s. 152; Jacobsen, 2022, s. 255). Eg har undersøkt få informantar sine subjektive erfaringar, og det er difor vanskeleg å seie om erfaringane deira er representativt for eit større utval (Jacobsen, 2022, s. 255). Overføringsverdien av studien ser eg difor i samanheng med om den samsvarar med det tidlegare studiar har funne (Fangen, 2010, s. 237), som eg kjem tilbake til i kapittel 5.

### 3.8 Forskingsetiske omsyn

Studiar som involverer menneske fordrar etisk medvit (Polit & Beck, 2011, s. 150). I dette delkapittelet peikar eg på etiske omsyn eg har tatt i studien.

Som fylgje av at studien behandlar alminnelege personopplysningar og særlege kategoriar av personopplysningar om helse vart prosjektet meldt til Sikt (tidlegare NSD) i oktober 2022. Prosjektet vart godkjent 7. november 2022 (Vedlegg 1). I meldeskjemaet kryssa eg av for at eg skulle innhente helseopplysningar, men presiserte at dette ikkje gjaldt direkte helseopplysningar, ettersom det er dei sosiale forholda ved helse som er relevant for studien. Eg var også tydeleg ovanfor informantane om at eg ikkje ville innhenta direkte opplysningar om helsa deira, og eg stilte ingen spørsmål knytt til helseopplysningar. Jamvel var det fleire medarbeidarar som trakk fram korleis grønt arbeid hadde påverka deira psykiske- og fysiske helse, utan at eg gjekk vidare inn i denne tematikken ut over korleis arbeidstiltaket kunne sjåast i samanheng med dette.

Alle som var til stades på garden under feltarbeidet fekk beskjed om at eg var student frå HVL som skulle skrive masteroppgåve om grønt arbeid, og at eg var der for å observera og delta i arbeidet, og intervju dei som samtykka til det. Feltarbeid kan medføre uklare rollar og etiske dilemma dersom informantane ikkje oppfattar at feltsamtalar kan bli nytta som data (Buvik et al., 2020, s. 225). Difor var eg frå fyrste stund uttrykkeleg med medarbeidarane om mi rolle som forskar, og eit etisk grep eg tok var å skrive feltnotat medan eg var på garden (Buvik et al., 2020, s. 227). På den måten var feltboka som ein påminning ovanfor medarbeidarane om rolla mi som forskar, på godt, men også på vondt, fordi bevisstheita om at ein vert observert kan påverka informantane si åtferd (Fangen, 2010, s. 78).

Eg har innhenta informantane sitt skriftlege samtykke i forkant av intervjuja. Informantane fekk munnleg informasjon om formålet med studien, kva det inneber å delta, at deltaking var frivillig og at dei når som helst kunne trekka samtykket utan konsekvensar, i tråd med NESH (2021, s. 19) sine retningslinjer. I tillegg fekk dei skriftleg informasjonsskriv utforma etter mal frå Sikt (Vedlegg 2 og Vedlegg 3), med kontaktinformasjonen til underteikna og prosjektansvarleg. Samtykkeskjema vart oppbevart innelåst, og vert makulert ved innlevering av oppgåva.

Intervjua vart etter samtykke spelt inn på ljodband ved hjelp av ein diktafon. Eg har transkribert direkte frå diktafonen, utan å kople denne til digitale einingar. Diktafonen vart oppbevart innelåst og opptaka blei sletta etter transkribering. Eg transkriberte og anonymiserte intervjua fortlaupande. Transkripsjonen inneheldt ikkje namn, stadnamn eller andre gjenkjennelege opplysningar. Av omsyn til anonymitet nyttar eg fiktive namn og har bytta kjønn på nokre av informantane i resultatpresentasjonen. Eg har anonymisert gardsbruks ved å endra på karakteristikkar, og unnlatt å ta med informasjon som kan avsløra dei.

Eit sentralt forskingsetisk omsyn er knytt til informantane si velferd, og inneber at eg måtte sørja for å beskytta dei og ikkje utsetja dei for risiko ved å delta i studien (Creswell & Poth, 2018, s. 54; NESH, 2021, s. 18). Eg har forsøkt å vise aktsemd i feltarbeidet og intervjua ved å ikkje vera påtrengande, og at feltarbeidet var av kort varigheit. Det føreligg alltid ein asymmetri i maktforhold i relasjonen mellom forskar og informant, og dette har eg forsøkt å utjamna ved å byggja tillit, og å forsøkje å unngå å stilla informantane leiande spørsmål (Creswell & Poth, 2018, s. 57).

## 4.0 Resultat

I dette kapittelet presenterer eg dei viktigaste funna frå studien. Alle medarbeidarane som deltok i studien var gjennomgåande positive til arbeidstiltaket på garden. Dei var opptekne av å formidla kvifor tiltaket var viktig for dei, gjennom å skildra korleis tiltaket hadde hjelpt dei på ulike måtar. Analysen leia fram til fire hovudtema, som til saman skal kasta ljós over problemstillinga om korleis medarbeidarane skildrar sine erfaringar med grønt arbeid. Temaa er *helsefremjing, samhandling med dyr, det sosiale arbeidsfellesskapet og garden som arbeidsplass*. Temaa er inndelt i underkategoriar som syner ulike nyansar ved medarbeidarane sine erfaringar.

### 4.1 Garden som ein helsefremjande arena

Dette delkapittelet kastar ljós over forskingsspørsmålet om kva for verknader medarbeidarane erfarer av arbeidstiltaket. Delkapittelet syner informantane sine skildringar av erfaringar av grønt arbeid som eg har analysert til å vera helsefremjande faktorar. Det generelle inntrykket er at empirien totalt sett kan sjåast i samanheng med helsefremjing (som vert diskutert i kapittel 5), men eg startar resultatpresentasjonen med å presentera funna som bøndene og medarbeidarane i høgast grad sjølv kopla til helse. Delkapittelet startar med å skildre funn om korleis arbeidstiltaket hadde ei positiv innverknad på helsa til medarbeidarane (4.1.1), og går sidan meir spesifikt inn på korleis dette hang saman med at medarbeidarane fekk struktur og rutine i livet gjennom arbeidstiltaket (4.1.2), og effektar av å arbeida i, og med naturen (4.1.3).

#### 4.1.1 Helsepåverknad

Kvar og ein av medarbeidarane vektla at det var godt for dei å arbeida på garden. Ofte handla dette om at arbeidstiltaket hadde ei positiv innverknad på den psykiske- og fysiske helsa deira. Dette vart skildra både eksplisitt, ved at medarbeidarane fortalte at helsa deira var blitt betre, og implisitt. Til dømes vart det skildra at det var behageleg og roande å vera på garden.

*«Dagane vert mykje meir behageleg her. Eg veit ikkje om det er berre på grunn av at det er på ein gard eller om det er folka her som gjer det slik, men... Det er veldig behageleg å vera her rett og slett».*

Fleire medarbeidarar skildra å ha fått det betre som fylgje av arbeidstiltaket,

«*Eg har kanskje fått ein større livsgnist enn kva eg hadde før, det vil eg sei».*

Det vart skildra at det kjentest godt å koma heim etter arbeidsdagen. Medarbeidarane kjente seg slitne på ein god måte, og hadde god samvit for å ha vore på jobb,

«*Nei no har eg liksom fått brukt kroppen min på ein positiv måte og kjem heim og er sliten og, eg slepp den rastlaushita som eg slit så mykje med. Såå... Kvardagen min er blitt mykje betre»*

«*Akkurat som du har all ro i verda, du får ein sånn "ahh, no er alt ferdig, alle dyra har det bra- det gjer meg berre ein veldig sånn god følelse».*

Av fysiske helseeffektar vart betre form og betre søvn skildra,

«*(...) det å vera i naturen her gjorde at eg kom i mykje betre form og vart mykje sunnare i meg sjølv eigentleg».*

Bøndene formidla ei tru om at arbeidstiltaket bidrog til auka livskvalitet, og at arbeidstiltaket var viktig for å halda personar «*stabil*». Ein av bøndene formidla at «*ein ser kanskje ikkje sånn umiddelbare resultat, men ein ser at dei ikkje sjuknar til. Og berre det er jo suksess*».

#### *4.1.2 Frå passivitet til aktivitet gjennom rutinar i kvardagen*

Ein sentral faktor for at arbeidstiltaket vart opplevd positivt handla om ei utvikling frå passivitet til aktivitet gjennom rutinar. Medarbeidarane formidla eit skifte i kvardagen frå før arbeidstiltaket og etter. Kvardagen før dei starta i arbeidstiltaket var for fleire prega av lite innhald,

«*Endar jo med at ein berre sov lenge og så kanskje vert sitjande inne og så vert ikkje psyken noko særleg betre av det».*

Alle medarbeidarane drog fram å ha fått meir struktur og rutine i livet som fylgje av arbeidstiltaket. Det var viktig for dei å koma seg opp om morgonen, og å ha noko meiningsfullt å fylla dagane med utanfor sin eigen heim. Dette kunne medverka til at det vart

enklare å gjennomføra andre gjeremål i laupet av dagen. Til dømes fortalte ein medarbeidarar at ho var begynt å gjera husarbeid før ho gjekk på jobb på garden. Ein annan medarbeidar skildra det slik:

*«Berre rutinen. Stå opp tidleg, kome deg ut. Eg synes det er mykje lettare å få gjort ting i laupet av dagen, for eg er litt sånn der dørstokkmilen var litt sånn tungt for meg å koma meg ut. Så eigentleg på alle måtar at eg får ein betre start på dagen der eg blir meir tvungen til å gå ut, og så får eg luft i fjeset, og... Du er fysisk aktiv, og då får du liksom kroppen litt meir i gang så det er lettare for meg å fullføra gjerne andre ting som eg skal få gjort i laupet av dagen. Så dagen min generelt sett fungerer betre då, på alle mogelege måtar eigentleg».*

Ein av bøndene skildra at alvorlege psykiske lidingar kunne påverka livskvalitet og medføre høge dørstokkar og lite aktive liv. Ein effekt ho såg av arbeidstiltaket var at når medarbeidarar klarte å koma på garden og vera i jobb, så greidde dei også andre utfordringar,

*«At når ein fyrst klarar å koma rundt og vera ute i jobb så klarar ein óg å ta bussen til legen sjølv. Så klarar ein óg det å gå og handla sjølv. Men har ein ikkje dette her å gå til, som er veldig lågterskel, så blir ein sitjande heime, og så sjuknar ein kanskje så fort til, at ein går ikkje ut for å handla, ein må nokon til å hjelpa seg (...)».*

I feltarbeidet opplevde eg at arbeidsdagen på garden også var strukturert og rutineprega. På Katthult, kor eg var mest i feltarbeidet, starta arbeidsdagane på det same viset, i "varmestova" framføre peisen, med varm drikke og småprat, før me vart einige om dagens arbeidsfordeling. Fleire av arbeidsoppgåvene på gardane var faste og måtte gjerast til same tid kvar dag, slik som føring og stell av dyra. Sjølv om arbeidsoppgåvene var varierte, var arbeidsdagane likevel føreseielege.

#### 4.1.3 Betydinga av naturen

Gardens plassering i landlege omgivnader tett på naturen vart vektlagt av både medarbeidarane og bøndene. Kontrasten omgivnadene skapte til kvardagsmiljøet gjorde at det var godt å koma på garden,

*«Også litt terreng å gå i i staden for berre asfalt og... Også kjenne det at her var det berre frisk luft, her er det ikkje mange bilar og bussar som køyrer forbi sant».*

Fleire medarbeidarar drog fram opplevingar dei fekk gjennom naturen, som kunne gje ei pause frå vanskelege tankar. På eine garden var det å gå tur med hunden ein av aktivitetane som gav høve for naturopplevingar:

*«Greitt å kunne koma på jobb og faktisk ta hunden med og hoppa uti havet, for det har me gjort fleire gonger».*

Bøndene hadde tru på fysisk aktivitet i naturen som ein av suksessfaktorane ved grønt arbeid. Dei skildra at medarbeidarane gav uttrykk for at det var godt og koma på garden fordi ein kom seg ut og fekk kjenna på årstidene og merka naturen. Ein fekk inntrykk frå naturen når ein var ute- frisk luft, dagsljos i augo, kjensle av kulde og kjensle av varme frå sola. Dette vart sett som sunt, og til å dekkje mange av basisbehova som menneske har. Medarbeidarane sat særleg pris på frisk luft. Det kjentest godt å vera ute, og fleire vektla høve til å vera ute i naturen som det som vog positivt samanlikna med andre typar arbeid. Å koma seg ut og gjera fysisk arbeid i naturen vart av fleire skildra som positivt for den psykiske helsa deira,

*«Det er... Viss du slit psykisk, å vera ute i naturen, det hjelper veldig godt på. (...) Få frisk luft og... ja».*

Både bøndene og fleire av medarbeidarane framheva at garden hadde store, opne områder, som gjorde at medarbeidarane kjente seg frie. Det vart opplevd som mindre trykkjande og meir avslappande. Områda gav høve til å bevega seg mykje, og trekkje seg tilbake når ein hadde behov for det. Ein av medarbeidarane skildra betydinga av dei opne områda slik:

*«Eg slit jo veldig med å sitja i ro og slike ting som det, og når eg føler meg innestengt så vert eg veldig uroleg. Det slepp eg å tenkja på her for det... Er ute i naturen heile tida. Så... Det er kanskje difor mykje eg... Ikkje eg har klart å halda på ein jobb før, liksom, fordi at det vert så tett. Her, altså... Viss du slit ein dag så kan du gå opp i skogen og hogga ned trer liksom og det... Ja... Du får ein heilt anna ro av å jobba her».*

#### **4.2 Samhandling og arbeid med dyr**

*Karina kjem inn i varmestova. Eg handhelsar på ho. Ho er iskald på hendene, og eg bemerkar det. Ho fortel at ho har gløymd hanskane sine, og har sykla frå busstoppen. Bonden seier ho kan varma seg framføre peisen, og ho gjer det, men først går ho bort til hunden som ligg i senga si. Ho set seg ned på huk, ser hunden inn i augo og seier noko til han med mild og roleg stemme medan ho klappar han på halsen. Hunden lograr med halen til svar. «Det er vesle vennen din det» seier bonden og smilar mot dei.*

Karina var ikkje åleine om å starta arbeidsdagen på Kathult med å helse på hunden. Alle medarbeidarane i studien vektla samhandlinga med dyra som ein viktig del av arbeidstiltaket, nokre i høgare grad enn andre. Fleire av medarbeidarane tykte det beste med grønt arbeid var nærkontakten med dyra, å få mate dei og vera sosial med dei. Dette delkapittelet belyser forskingsspørsmålet om korleis dyr og samhandling med dyr verkar inn på erfaringane som medarbeidarane gjer seg av arbeidstiltaket på garden. I tillegg kastar delkapittelet ljós over forskingsspørsmålet om kva for verknader medarbeidarane erfarer av arbeidstiltaket.

##### *4.2.1 Terapi*

*Klara ser på hunden og strekk handa si bak til den. «Det er mykje terapi i dyr altså» seier ho til oss andre, og Karina svarar «eg plar å fantasera at hunden er heime hjå meg». «Det er dumt at det ikkje finns så mykje tilbod med dyreterapi» seier Klara. Me andre nikkar og seier oss einige.*

Fleire av medarbeidarane skildra samhandlinga med dyra som ein opplevd form for terapi. Ein dag på Farmen sat eg inne i fjøsen og klappa ein sau. Medarbeidaren Frida kom inn i fjøset og smilte til oss, og tok opp at det er terapi å få vera ilag med dyra. Det førte til ein samtale om dyreassistert terapi kor ho fortalte om ulike tilbod ho kjente til. Seinare intervjuar eg Frida, og då spurte eg om ho kunne utdjupa det ho hadde snakka om i fjøset,

*«Jo, det er terapi å få vera ilag med dyra. Altså, sånn som du sto med den sauен og klappa litt, berre det tenkjer eg... Det er terapi, altså for meg er det iallfall veldig terapi».*

I dei samanhengane medarbeidarane omtalte samhandlinga med dyr som terapi, drog dei ofte

kjensel til dyreassisterte intervasjonar og dyreassistert terapi. Sjølv om arbeidstiltaka på gardane ikkje var meint som dyreassistert terapi etter krava som er gjort greie for i innleiingskapittelet, gav samhandlinga med dyra medarbeidarane ein terapeutisk effekt. Den terapeutiske effekten handla om at samhandlinga med dyra på ulike måtar hadde innverknad på den psykiske helsa til fleire av medarbeidarane, noko dei uttrykte eksplisitt og implisitt.

Ein av dei positive effektane av å vera ilag med dyr handla om at dyra kunne vera med å snu det medarbeidarane omtalte som därlege dagar, som var dagar kor dei hadde det tøft psykisk, til at dei fekk ny energi og at dagen vart betre.

*«Eg hadde her ein veldig därleg dag, då gjekk eg opp i stallen og berre gjekk inn til eine hesten og berre børsta på han og dilla og nulla..., berre for å få vekk litt av dei der gruvsame tankane eg hadde sjølv liksom. Eeh, så det, det hjelper veldig på psyken».*

I sitatet over syner medarbeidaren at det å vera ilag med hesten vart brukt som ein strategi for å “få vekk litt av dei der gruvsame tankane eg hadde sjølv”. Ein annan medarbeidar omtalte dette som å få ein pause frå “tankekøyr”, gjennom å fokusera på dyra i staden for seg sjølv:

*«(...) når du då har det psykisk tungt eller fysisk, så er det veldig ofte ein tenker på seg sjølv, (...), men du kanskje gløymer deg sjølv, viss du skjønner kva eg meiner, ein periode, fordi at du er så fokusert på dyra. Og då kanskje du får ein... Mange har tankekøyr eller slik, du får ein pause frå det og kan fokusere på noko anna, også berre det å... Ja, det å få heldt eg på å seie, omsorg for eit dyr, du vil jo merke det på ein måte sant».*

Til liks med medarbeidarane la bøndene vekt på at samhandling og arbeid med dyr skapte eit rom for fokus på noko utanfor ein sjølv, fordi medarbeidarane måtte setja seg inn i dyra sitt perspektiv, som er avhengig av dei for å få mat og stell.

#### 4.2.2 Ro

Eitt tydeleg trekk i datamaterialet var at fleire av medarbeidarane skildra at det var roande å vera ilag med dyra. Denne terapeutiske effekten hadde både ein kroppsleg og mental forankring,

«*Det er roande. Du kjenner noko sånn inni kroppen på ein måte at... Kva heiter det no igjen... Blodtrykket går ned».*

«*(...) du får ein indre ro liksom. Når du... Tidlegare så hadde eg katt og når den... Hadde gjerne ein därleg dag, og katten kom på fanget og du sat der og strauk litt på den katten, så kjente du liksom akkurat så “åh”, der letta du litt, sant. Litt sånn, no var det ikkje så tungt på innsida lengre».*

Ein medarbeidar formidla at sjølve arbeidet med dyra gav kjensler av ro,

«*(...) Eg finn ei ro- det- i meg- berre det, viss ting skal gjerast, hestar skal bytast om, det skal mørkast, det skal gjerast reint, når eg er ferdig med det, (...) så er det nesten som du liksom.... Du... Akkurat som du har all ro i verda, du får ein sånn “ahh, no er alt ferdig, alle dyra har det bra”, det gjev meg berre ein veldig sånn god følelse».*

Det vart også skildra korleis det å vera roleg rundt dyra var viktig i samhandlinga med dei. Om ein var stressa kunne dyra bli mindre samarbeidsvillige. På denne måten kunne samhandlinga med dyra medverka til at medarbeidarar greidde å slappa av. Ein av bøndene la vekt på korleis samhandlinga med dyra kunne vera eit verkemiddel i sjølvregulering,

«*Dyra regulerer menneske, for at dyra er avhengig av at me alle fungerer i flokk. Så dei veit kva som skal til, som ikkje me veit sjølv, for å regulera menneska».*

Ho skildra korleis dyr kan nekte og gå i leigetauet dersom den som leiger er veldig uroleg. I slike situasjonar kunne bonden snakka med vedkommande om at hen måtte prøva og roa ned, gjennom å senka rytmen i kroppen, bevega seg rolegare og fylgja og atterskapa rytmen til dyret i sin eigen kropp, noko som kunne resultera i at vedkommande vart rolegare.

#### 4.2.3 Ansvar

Fleire av medarbeidarane skildra å oppleve eit ansvar ovanfor dyra, fordi dyra var avhengige av dei og trengte dei for å få dekka sine behov for mat, vatn og stell. Det var skildra eit skifte

frå å ikkje kjenne mykje ansvar i livet eller at det ikkje var så viktig å møte opp i ulike samanhengar, til at det no var essensielt å møta opp for at dyra skulle få omsorga dei trengte.

*«Nei.. lærar jo det der ansvaret sant. Også... Og... Nei, eg veit ikkje heilt korleis eg skal ordlegge det, eller... Lærar jo eit ansvar for andre som eg føler har bygd opp min karakter. (...) Og det har eg lært her på ein måte då (...). At det faktisk er folk som er avhengig av meg, eller dyr som er avhengig av meg».*

Ansvaret ovanfor dyra kunne medverka til at medarbeidarar kjente seg verdifull.

*«Også det der at du veit at du er verdt noko, for det at... Du veit det at... Til dømes den hesten sant, viss ikkje du kjem og gir den mat, hesten går jo ikkje og finn maten sjølv. Og så ser du det at no vart hesten fornøgd, og då blir du også fornøgd».*

Ein av bøndene formidla at medarbeidarane fekk relasjonelt tilbakemelding frå dyra, og opplevde ei glede når dei vart møtt av dyra om morgenon. Fleire av medarbeidarane påpeika dette:

*«Det er jo fint å sjå at dyra trivs og du får kontakt med dei og når du kjem så... Kjem for å mata dei om morgenon så kjem dei springande og (heh), ja....».*

*«Og så går jo det veldig mykje på sjølvkjensle og at der følte eg meg litt meir verd liksom, du ser at dyra blir glad når du kjem (...). Det er veldig greitt å sjå liksom».*

Datamaterialet viser nokre motsetnader når det gjeld å kjenna ansvar ovanfor dyra. Ingen av medarbeidarane frå ein av gardane nemnte ansvaret for dyra i intervjuet (eg spurde heller ikkje om dette), og eine bonden skildra at ho ikkje opplevde at medarbeidarar kjente på særleg ansvar ovanfor dyra. Dei kunne til dømes melda frå om at dei ikkje kom på jobb utan å ytra bekymring for om dyra ville få stellet sitt, fordi dei visste at bonden ville ta seg av det. Bonden trudde at samhandlinga med dyra ikkje var det viktigaste for medarbeidarane:

*«Eg trur ikkje dei er likegyldige til det, men eg trur kanskje at mange i din situasjon, eller min situasjon eller andre, lett kan overvurdere kor viktig dei dyra er».*

Ho skildra vidare at ho nesten aldri hadde hatt medarbeidarar som var interessert i å setja seg ned og bruka tid med dyra, sjølv om dei hadde fått mogelegheita og blitt oppfordra til det.

Observasjonane eg gjorde i feltarbeidet var til dels på linje med det bonden formidla. Det var sjeldan eg såg medarbeidarar som koste med dyra, forutan at det var fleire som brukte tid ilag med hunden. Eg observerte derimot at medarbeidarar kunne seie til dømes «*no har dei det bra*» og liknande når dei fóra dyra, noko som kan vitna om at medarbeidarane kopla at dei gjorde noko verdifullt ovanfor dyra. I intervjuet skildra medarbeidarane arbeidet med dyra som ein viktig og kjekk del av arbeidstiltaket.

#### **4.3 Det sosiale arbeidsfellesskapet**

*Eg går bort til gapahuken kor det sit ein gruppering på benkane. Det vert grilla pølser og kokt kaffi på bålpanna. Dei som sit der tek meg imot med smil og seier eg må slå meg ned ilag med dei. Medan me et småpratar me om laust og fast. Medarbeidaren Frank står lent inn til den eine veggen på gapahuken med ei pølse i brød i handa. Det vert spøka om at Frank står i staden for å setja seg ned fordi han er så rastlaus, og at han arbeider i så høgt tempo. Frank seier noko om at han ikkje orkar å sitje ned, for det har han nok av mogelegheit til å gjera seinare i dag. Latteren ligg laust. Frank smilar mot meg, og så seier han; «det er dette sosiale eg snakka om i intervjuet».. .*

Dette delkapittelet handlar om arbeidsfellesskapet på gardane, om det sosiale samhaldet- og samspelet, og korleis medarbeidarane og bøndene skildra arbeidsmiljøet, og viktigheita av dette. Delkapittelet er med å kasta ljós over forskingsspørsmålet om kva for verknader medarbeidarane erfarte av arbeidstiltaket. Arbeidsfellesskapet på gardane var i hovudsak samansett av medarbeidarane og bøndene, men i nokre tilfelle også av andre besøkjande av garden eller familiemedlemmer av bøndene.

##### *4.3.1 Sosialt fellesskap, samhald og arbeidsmiljø*

Alle medarbeidarane var samstemte om at det sosiale arbeidsmiljøet på garden var godt. Ulike nyansar ved arbeidsmiljøet vart skildra, slik som at alle kom godt overeins med kvarandre, hadde respekt for kvarandre, behandla kvarandre fint, var hyggelege og grei med kvarandre og var positiv til arbeidet. Fleire medarbeidarar nemnte at det var sosialt å arbeide på garden, og alltid nokon å prate med. Arbeidets karakter gav høve til å vera sosial samstundes som ein arbeidde,

*«(...) du kan stå og fylle høy eller noko og stå og snakka samstundes sant, og... Du stoppar ikkje opp jobben fordi at no skal du sei noko sant».*

I feltarbeidet fekk eg både observera og ta del i arbeidsfellesskapet på garden. Arbeidsdagane bar preg av vekslande sosial kontakt mellom medarbeidarane og bonden gjennom dagen. Arbeidsoppgåvene vart fordelt i fellesskap på morgonen og etter lunsj, og oftast vart dei gjennomført på eige hand, men nokre gonger i samarbeid mellom medarbeidarane og/eller bonden. Sjølv om medarbeidarane ofte arbeidde åleine, observerte eg fleire sosiale møtepunkt i laupet av arbeidsdagen. Det kunne vera at medarbeidarane slo av ein prat med kvarandre på tunet, eller medan dei arbeidde, og eg la merke til at dei helste på kvarandre, anten med eit «hei» eller eit nikk kvar gong dei møttest rundt omkring på garden.

Samlinga om morgonen og lunsjpausen sto fram som eit sosialt knutepunkt kor alle vart samla. På Katthult kor lunsjpausen føregjekk i varmestova skjedde det ofte at me sat i sofagruppa og venta på at bonden eller ein medarbeidar skulle gjera seg ferdig med ei arbeidsoppgåve ute. Det gav rom for mange samtalar. Nokre medarbeidrarar var pratsame, medan andre anten lytta mest til samtalane, eller var oppteken med mobiltelefonen sin. Ofte kunne det vera lange pausar utan at nokon sa noko. Medan me åt lunsj var det på same viset, nokon prata, medan andre var mest stille. Bonden sat ofte i gang samtalar, og ho stilte medarbeidarane spørsmål eller initierte til å snakka om ulike kvardagslege tema. Ein av medarbeidarane gav uttrykk for at ho sat pris på desse lunsjpausane:

*«(...) maten smakar alltid så mykje betre her oppe enn heime (latter). (...) for då et ein saman veit du sant, og då smakar jo det alltid betre».*

Medarbeidarane kunne sjølv styra kor sosiale dei ynskte å vera i laupet av arbeidsdagen. Til dømes kunne arbeidsoppgåvene tilpassast slik at dei kunne stå åleine å arbeide, og dei kunne gå frå lunsjbordet og setja seg i sofaen når dei var ferdig å eta om dei ville det. Ein av bøndene formidla at garden som arena for arbeidstiltak gav høve til å arbeide med den sosiale tilhøyrsla for folk som tykte sosial interaksjon var utfordrande,

*«(...) me er ilag, om det så er i to minutt for å eta, så kan folk gå viss dei vil det, men me tilnærmar oss kvarandre gradvis heile tida sant. (...) Me ropar beskjedar til kvarandre, altså sant, du får jobba mykje med den sosiale tilhøyrsla også».*

Eg opplevde tonen mellom medarbeidarane, og bøndene, som venleg og lett. Nokre av medarbeidarane hadde ofte samtalar med ein humoristisk tone, og skøya med kvarandre. Eg fekk inntrykk av at medarbeidarane brydde seg om kvarandre. Då ein medarbeidar som hadde vore borte frå arbeidstiltaket ei stund kom innom nokre timar ein dag, spurde dei andre medarbeidarane om det gjekk betre med ho no, og dei serverte ho kaffi. Medarbeidarane oppdaterte kvarandre om hendingar i liva sine, slik som ein gong då ein medarbeidar fortalte at ho hadde bestilt togbillett for å besøka nokon, og bonden og medarbeidarane jubla. Nokre av medarbeidarane pleidde å gje kvarandre julegåve. Ein medarbeidar fortalte om ei hending kor ho opplevde at bonden og ein medarbeidar hadde vist omsorg for ho:

*«Eg hadde seinast i går eg svimla litt så då... fann dei fram stol og ein kopp kaffi til meg og... Dei tek vare på oss (latter)».*

Ein medarbeidar skildra å ha fått eit utvida sosialt nettverk som fylgje av arbeidstiltaket,

*«Altså eg har jo fått ganske mykje... Eg har jo fått veneher ute. (...) Det er sosialt og me møtes i... eh.... Me møtes når me ikkje er på jobb også».*

Alle medarbeidarane gav uttrykk for at det gode arbeidsmiljøet var viktig for dei. Arbeidsmiljøet medverka til trivsel på jobb og til at dei gleda seg til å gå på jobb. Bøndene la også vekt på samhandlinga og fellesskapet på garden,

*«Det viktigaste er jo menneska dei treffer her. At dei kjem her og det er eit sosialt fellesskap med kollegaer».*

#### *4.3.2 Rolla som arbeidstakar, ikkje som brukar*

Nokre medarbeidarar formidla at ei positiv side ved arbeidsfellesskapet var at dei kunne få vera seg sjølve, og at det kjentest godt,

*«Ingen fordommar eller nokon ting. Og eigentleg dei fleste slit med ting, men alle blir akseptert slik dei er».*

*«Alle har eitt eller anna, så du kan få vera deg sjølv altså, det...».*

Utsegna over syner medvita kring føresetnadene for at medarbeidarane var i arbeidstiltaket, psykiske helseutfordringar, utan at det nødvendigvis trengte å vera eit tema medarbeidarane imellom. Då ein av medarbeidarane på eine garden fortalte om at «*dei fleste slit med ting*», spurde eg om dette var eit tema blant dei. Då svarte medarbeidaren; «*Nei. Her er alle like*». I feltarbeidet mitt på den andre garden observerte eg stundom at psykisk helse var eit samtaletema. Medarbeidarane prata om behandlingstilbod eller utfordringar dei hadde i kvardagen. I intervju med bonden meinte ho at dette var «*innafor*», så lenge medarbeidarane var komfortable med det, og ho var oppteken av å formidle dette til medarbeidarane:

*«og det seier eg jo ofte og at... «eg tykkjer det er veldig kjekt at de snakkar saman og at de har så mykje utbytte av kvarandre, eg er veldig glad for å sjå, og så er det viktig at kvar enkelt kjenner seg komfortabel med kor mykje du deler med andre»».*

Bonden var oppteken av at medarbeidarane skulle få integriteten sin ivaretatt, og ho måtte stundom hjelpe dei å setje grenser for seg sjølve, og sei ifrå om at garden er ein arbeidsplass kor alle medarbeidarane skal kjenne seg komfortabel. Vidare var ho oppteken av at medarbeidarane skulle oppleve å bli sett og møtt som ein arbeidstakar eller medarbeidar, og ikkje som ein «case» eller brukar, og ho signaliserte difor til medarbeidarane at fokuset på garden var på arbeid.

#### 4.4 Garden som arbeidsplass

Både medarbeidarane og bøndene omtalte arbeidstiltaket som ein jobb, og garden som ein arbeidsplass. Dette delkapittelet handlar om funn frå studien om medarbeidarane og bøndene sine skildringar av erfaringar knytt opp mot garden som ein arbeidsplass. Kapittelet kastar soleis ljós over forskingsspørsmålet om korleis ein kan sjå erfaringane til medarbeidarane opp mot sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid, samt om kva for verknader medarbeidarane erfarer av arbeidstiltaket.

##### 4.4.1 Kunnskap og ferdigheter om gardsdrift

Datamaterialet viste at medarbeidarane hadde tileigna seg ulike kunnskapar om gardsdrift. Dei hadde vore med på, og meistra, eit mangfold ulike arbeidsoppgåver, slik som vedhogst, rydding, vedlikehald av bygg og bygging, arbeid med dyrefór, fóring og stell av dyr og

reingjering av båsar og bingar.

*«Altså no har eg vore med på veldig mange lemmingar og lært heilt andre ting som eg ikkje har lært andre plassar då».*

Medarbeidarane verdsette arbeidsoppgåvene, og fleire tykte det var positivt at arbeidet var variert,

*«det er veldig allsidig, så... Det blir ikkje sånne kjedelege dagar som viss eg skulle begynt på eit lager eller sånn som det der. Så ja, trivst veldig godt med det (smilar og flirar kort)».*

Bøndene meinte at arbeidsoppgåvenes art var av betydning for korleis medarbeidarar opplevde arbeidstiltaket. Det vart trekt fram at det var konkrete, fysiske arbeidsoppgåver som ein kunne sjå resultatet av, og som i sin tur kunne føre til kjensler av meistring og gjennomføringsevne,

*«Du kan kløyve opp ein haug med ved så ser du den haugen med ved, eller du kan skjæra opp dei sekkane med brød og mata dyra og sjå at det er noko fysisk som skjer. Så det der veldig konkrete».*

#### 4.4.2 Eit nytt syn på høve til å arbeida

Datamaterialet viste at dei fleste av medarbeidarane hadde fått eit nytt syn om høve til å arbeide som fylgje av arbeidstiltaket. Fleire fortalte om at dei tidlegare var usikker på om dei kunne “fungera” i ein jobb. Nokre hadde vore i andre typar arbeid (i ordinært arbeidsliv og/eller i arbeidsretta tiltak) som dei opplevde at ikkje hadde fungert. Gjennom arbeidstiltaket på garden fekk dei motvist antakinga om at dei ikkje kunne fungere i ein jobb. Meistringa dei opplevde i arbeidstiltaket hadde medført at dei tenkte annleis om framtida si med omsyn til arbeid enn før dei starta i arbeidstiltaket.

*«Eh, det har jo litt med det at eg var uføretrygda og eigentleg ikkje såg noko håp på og koma meg ut i jobb igjen».*

*«(...) så det har gitt meg på ein måte ein fin start på det å koma seg litt ut i arbeid, der eg har følt på veldig mykje meistring, og veldig mykje ansvar og veldig mykje på ein måte positive ting som har gjort at eg har vakse veldig som person (...). Ehm, så det har absolutt trur eg gitt meg mykje meir... Betre føresetnader eigentleg for framtida og jobb og livet generelt sett (...).».*

Under eitt intervju spurde eg ein medarbeidar om det å arbeida på garden hadde endra hennar syn på framtida på nokon måte. «*Ehm... At det er mogeleg å klara å stå i ein jobb*» svarte ho. Ho var usikker på om det var mogeleg før ho starta i arbeidstiltaket, no var ho meir sikker: «*ja, etter kvart så går sikkert det (...). Eg kjem dit, eg kjem dit, eg har grunnlaget*», sa ho, og refererte til anna type arbeid enn gardsarbeidet. Det var viktig for ho kva type jobb det skulle vera, og det måtte vera ein plass som var noko individuelt tilpassa.

Dei fleste av medarbeidarane hadde gjennom arbeidstiltaket funne ut at dei ville halda fram med å arbeida på gard i framtida, anten i arbeidstiltaket eller ved å drive eigen gard, fordi dette var arbeid dei meistra og treivst med,

*«Og eg har jo funne ut at å jobba med dyr, altså avgrensa, altså eg kan jobba med forskjellige ting, men at det er noko som gjer at eg fungerer på best mogeleg måte då. (...).».*

Bøndene formidla korleis medarbeidarane hadde utvikla seg gjennom å meistra gardsarbeidet. Det vart skildra at medarbeidarar var blitt meir sjølvstendige og meir sjølvdrivne. Ein av bøndene skildra arbeidstiltaket på garden som hjelp til sjølvhjelp og at medarbeidarane fann ibuande ressursar. Vidare skildra ho at medarbeidarane var blitt ein stor ressurs for garden, og at nokre av dei var blitt tilsett på garden i løna arbeid.

*«Viss du ser for eksempel [hen] som er her, kor mykje meir jobbar ikkje [hen] enn eigentleg kven som helst du kan samanlikne det med på x tal arbeidsplassar der ute (...).».*

Bonden viser her til ein medarbeidar med høg arbeidskapasitet, og som sjølv har skildra at andre typar arbeid ikkje har fungert tidlegare. Dette peikar vidare til neste delavsnitt, som handlar om individuell tilpassing.

#### *4.4.3 Individuell tilpassing- vegen til utvikling*

I datamaterialet var viktigheita av individuell tilpassing eit gjennomgåande trekk, sett som naudsynt av både medarbeidarar og bøndene. Ein av bøndene meinte at garden som arena for arbeidstiltak var unik med omsyn til individuell tilpassing. På garden kunne det takast omsyn til psykiske helseutfordringar, og samstundes utfordra medarbeidarane på ulike problemstillingar i passeleg mengd. Garden som arbeidsplass skapte eit rom for tilrettelegging for personar med psykiske helseutfordringar som kunne vera vanskeleg å få til andre arbeidsplassar,

*«I dei fleste andre yrker så er det vanskeleg og på ein måte... Ja, kunne trekkje seg tilbake, kunne sjonglere på arbeidsoppgåvene i laupet av dagen, kunne... Ehm... Ja, kanskje ta litt sånn eigen regi over arbeidsdagen då, slik som dei kan gjera på garden».*

I feltarbeidet på Kathult observerte eg korleis den individuelle tilpassinga og tilrettelegginga skjedde frå dag til dag. Medarbeidarane var med å bestemme kva for arbeidsoppgåver dei ynskte å arbeide med, ut frå eigen dagsform. Dei styrte sjølv tempoet dei arbeidde i, og dei kunne ta pausar i og mellom arbeidsoppgåver. Nokre medarbeidarar tok hyppige pausar i laupet av arbeidsdagen. Eg hadde ikkje inntrykk av at dette handla om latskap eller unnasluntring, og høyrde aldri medarbeidarar ytre misnøye om arbeidet. Eg fekk inntrykk av at bonden kjente medarbeidarane godt, og hadde kjennskap til kva den enkelte medarbeidar hadde behov for. Nedanfor føl eit utdrag frå feltnotata som illustrerer dette:

*Bonden lurar på om eg og Karoline kan skjæra brød og mata geitene. Det vil me. Bonden spør kor Karoline vil stå og skjæra brød, og ho seier ho vil stå i fjøset. Vidare spør ho om ho vil stå åleine og Karoline svarar ja til det, før ho ser bort på meg og forklarar at ho syns det er ubehageleg å stå oppi kvarandre å jobba.*

Å leggja til rette arbeidet for den enkelte medarbeidar var ein sentral del av bøndene si rolle i arbeidstiltaket. Bøndene skildra at dei var kopla på medarbeidaren sine ynskjer og behov når det kom til arbeidsoppgåver og arbeidsmengde. Bøndene vektla at dei måtte ha ei forståing for korleis det er å leva med psykiske helseutfordringar, og korleis dei kunne tilpassa arbeidet i

samband med det. Å kjenna til kva for arbeidskapasitet kvar enkelt medarbeidar hadde for å finna arbeidsoppgåver som passa den enkelte var viktig for at medarbeidarane skulle oppleve meistring,

*«(...) men det er der den tilpassinga kjem inn og, for viss du då har nokon som er høg på gjennomføringsevne (...) så krever jo [dei] ofte større og større oppgåver for å bli tilfreds (...). Men har du då nokon som er låg på tiltaksfronten og låg på gjennomføringsevne, så skal ein vera veldig nøye på å tilpassa dei oppgåvene, for elles så kan jo det bli... Veldig negativ oppleving, viss du gong på gong aldri vert ferdig».*

For å kunne leggja til rette arbeidet var det viktig at bøndene hadde ei aktiv rolle i arbeidstiltaket og var tilgjengelege for medarbeidarane. Den eine bonden skildra at ho var som ein strikk som gjekk til og frå ulike medarbeidrarar for å hjelpa dei, svara på spørsmål eller støtta dei. Oppfylginga vart sett som viktig for at det skulle verta rom for utvikling,

*«(...) for at viss du ikkje har då den menneskelege ressursen som sørger for å gje eigna oppgåver sant, eller sørger for å motivera og fylge opp og alt dette her, så er det jo ikkje... Då setter man jo berre endå meir ut frå samfunnet. Der blir jo sånn oppbevaringsplass i staden for utviklingsplass sant».*

Alle medarbeidarane var nøgd med korleis arbeidstiltaket var tilpassa for dei. Det vart veklagt at dei kunne vera med å bestemme arbeidsoppgåvene sjølv, at arbeidet kunne leggast til rette etter dagsform og at dei kunne jobba i eige tempo. For nokre av medarbeidarane var den individuelle tilpassinga avgjerande for at dei kunne fungera i jobben,

*«Eg fungerer ikkje når det er veldig mykje folk, men her er det på ein måte litt av alt, det er det sosiale, men du kan også trekka deg fint tilbake. Sant, så det er veldig på ein måte lettare å tilrettelegge trur eg viss du har litt forskjellig, heldt eg på å seie, bagasje eller kva du skal kalle det».*

## 5.0 Diskusjon

I dette kapittelet svarar eg på problemstillinga og forskingsspørsmåla gjennom å drøfta funna i ljós av det teoretiske rammeverket for oppgåva. Kapittelet startar med ei oppsummering av funn, som vert sett i samanheng med tidlegare forsking på grøne omsorgstenester for personar med psykiske helseutfordringar (5.1). Deretter rettar drøftinga to fokus, eitt på *helsedimensjonen* ved grønt arbeid, og eitt på *arbeidsdimensjonen*. Delkapittel 5.2 svarar på forskingsspørsmåla om kva for verknader medarbeidarane erfarer av grønt arbeid, og korleis dyr og samhandling med dyr verkar inn på erfaringane dei gjer seg av grønt arbeid, ved å knyta funna opp mot teorien om salutogenese, og drøfte dei i ljós av det salutogene konseptet *oppleving av samanheng*. Deretter rettar eg fokus mot *arbeidsdimensjonen* ved grønt arbeid, for å svara på forskingsspørsmålet om korleis ein kan sjå erfaringane til medarbeidarane opp mot sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid (5.3). Her drøftar eg korleis grønt arbeid kan bli forstått med omsyn til arbeidsomgrepet, i ljós av Wadel (1977; 1984) sitt perspektiv på arbeid, og Freire (1999) sitt perspektiv om den frigjerande pedagogikk.

### 5.1 Oppsummering av funn og samanlikning opp mot tidlegare forsking

Funna i oppgåva viser at garden utgjer ein arena for arbeidstiltak med ei rekke verknader for medarbeidarane, som til saman seier noko om ei utvikling av livskvalitet og trivsel. Både medarbeidarane og bøndene skildra erfaringar av at arbeidstiltaket hadde ei positiv innverknad på subjektiv helse, gjennom rammene av natur, gardsarbeid og samhandling med dyr. Desse funna ligg vel på linje med det tidlegare forsking har funne (Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016). Dei positive helseeffektane hang mellom anna saman med at det vart opplevd behageleg og roande å vera på garden og at medarbeidarar ikkje sjukna til, men fekk auka livskvalitet. Fysiske helseeffektar som betre form og betre sovn vart trekt fram, noko Steigen et al. (2016), Murray et al. (2019), Granerud og Eriksson (2014) og Pedersen et al. (2016) også finn i sine studiar. Fleire medarbeidarar tykte dei hadde fått det betre som fylgje av arbeidstiltaket, og skildra eit skifte i kvardagen frå passivitet til aktivitet gjennom struktur og rutinar i livet. Tidlegare studiar trekker også fram dette (Aasen & Andershed, 2015; Steigen et al., 2016; Murray et al., 2019). Til liks med Aasen og Andershed (2015) sin studie skildra medarbeidarane å kjenne seg sletne på ein god måte etter endt arbeidsdag.

Å arbeida ute i naturen vart trekt fram som viktig for helsa, særleg fordi medarbeidarane fekk kjenna på årstidene, frisk luft og dagsljos, noko Aasen og Andershed (2015) også viser til. Medarbeidarane skildra gode opplevingar i naturen, som skapte ein pause frå tankekøyr. Dette kan henge saman med at naturen tiltrekker seg merksemda vår på ein uanstrengt måte, og difor tillt kville frå den viljestyrte merksemda (Berget & Braastad, 2008, s. 28). I andre studiar har naturen også blitt trekt fram som ein viktig del av grønt arbeid (Sollesnes et al., 2017; Pedersen et al., 2012; Aasen & Andershed, 2015).

Til liks med tidlegare studiar (Hassink et al., 2017; Aasen & Andershed, 2015; Berget et al., 2007; Leck et al., 2015; Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016; Sollesnes et al., 2017) var samhandling og arbeid med dyr eit tydeleg empirisk trekk som var av betyding for dei fleste medarbeidarane si subjektive mentale helse og livskvalitet. Medarbeidarane opplevde ulike terapeutiske effektar av å vera i lag med dyr. Ein av desse var kjensler av indre ro, noko også Aasen og Andershed (2015) formidlar i sin studie. Medarbeidarar skildra å oppleve eit ansvar ovanfor dyra, som bidrog til at dei kjente seg verdifull og at det var behov for dei. Sollesnes et al. (2017) finn tilsvarende.

Sjølv om alle medarbeidarane vurderte samhandling- og arbeid med dyr som ein viktig del av arbeidstiltaket, var det i ulik grad. Ein av bøndene formidla at ho trudde utanforståande og tilbydarar kunne overvurdere kor viktig dyra er i grønt arbeid, og det var varierande på begge gardane om medarbeidarane gav uttrykk for at dyra var av *høg* betyding. Dette kan ha fleire årsaker, slik som ulike føresetnader for å gje uttrykk for det komplekse samspelet som finns mellom menneske og dyr, og at eg mogelegvis ikkje i tilstrekkeleg grad har hjelpt medarbeidarane med å setja ord på dette, eller at dyra snarare ikkje vart opplevd som like viktig av alle. Jamvel viser funna totalt sett at samhandlinga og arbeidet med dyr vart opplevd som viktig, trass på ulike måtar. Eg legg difor dette til grunn for diskusjonen.

Til liks med tidlegare forsking (Murray et al., 2019; Steigen et al., 2016; Pedersen et al., 2016; Ellingsen-Dalskau et al., 2016; Pedersen et al., 2012; Granerud & Eriksson, 2014; Sollesnes et al., 2017) synt funna at det sosiale arbeidsfellesskapet på garden var viktig for medarbeidarane. Dei skildra eit godt og sosialt arbeidsmiljø, og at det var viktig for trivsel på jobb. Ei positiv side ved arbeidsfellesskapet var at dei kunne få vera seg sjølve og bli akseptert fordomsfritt. Sollesnes et al (2017, s. 262) ymtar om det same i det dei skriv at det var avgjerande for deltakarane at bonden møtte medarbeidarar med ein ikkje-dømande

haldning.

Funna synte at medarbeidarane hadde utvikla kunnskapar og ferdigheiter om gardsdrift, gjennom å ha meistra ei rekkje ulike arbeidsoppgåver. Medarbeidarane verdsette dei allsidige arbeidsoppgåvene, og bøndene vektla at arbeidsoppgåvene var konkrete og fysiske, som kunne gje kjensler av meistring og gjennomføringsevne. Medarbeidarane hadde fått eit nytt syn om høve til å arbeide, og hadde positive visjonar om framtida. Individuell tilpassing og tilrettelegging av arbeidet var sentralt for utvikling, noko som går igjen i tidlegare forsking (Sollesnes et al., 2017; Aasen & Andershed, 2015).

Ettersom funna i studien er på linje med mykje av det tidlegare forsking har funne, kan studien vera med å styrka kunnskapsgrunnlaget om garden som ein nyttig arena for arbeidstiltak for personar med psykiske helseutfordringar.

## 5.2 Arbeidstiltak på gard som eit salutogenet tiltak

Empirien viser at fokuset i arbeidstiltaka ikkje låg på sjukdom og at medarbeidarane ikkje vart sett som pasientar i eit behandlingsforlaup, men som arbeidstakrarar på ein arbeidsplass. Dette er på linje med den salutogene tankegongen (Lillefjell et al., 2022, s. 443). Teorien om salutogenese kan bidra til å forstå medarbeidarane sine erfaringar med grønt arbeid. Når medarbeidarane skildra opplevingar av at helsa deira var blitt betre som fylgje av arbeidstiltaket, kan me sjå det som ei rørsle mot helse-enden på kontinuumet mellom helse og u-helse. Dei ulike faktorane ved arbeidstiltaket som medarbeidarane vektla kan soleis sjåast som salutogene faktorar: dei bidreg til å oppretthalda og skapa helse, framfor patogene faktorar som bidreg til å skapa og oppretthalda sjukdom (Tellnes, 2008, s. 455-458).

I fylgje Antonovsky (1987/2012, s. 37) er det opplevinga av samanheng i livet som er nøkkelen til betre helse. Spørsmålet vert då om arbeidstiltaket har bidrige til å styrka medarbeidarane sin oppleving av samanheng, og om dette kan vera bakgrunnen for at medarbeidaren beveger seg mot helse-enden på kontinuumet mellom helse og u-helse, slik Antonovsky (1979, s. 123) hevdar. Dei tre komponentane i OAS er som tidlegare nemnt *forståelegheit, handterlegheit og meiningsfullheit* (Antonovsky, 1987/2012, s. 39-41). Eg vil no ta føre meg desse tre komponentane opp mot empirien i studien.

*Forståelegheit* viser til ein persons oppleving av at omgivnadene i livet er strukturerte,

føreseielege og forståelege (Antonovsky, 1987/2012, s. 39-40). Funna i studien viser at arbeidstiltaket bidrog til at medarbeidarane fekk struktur i livet, gjennom rutinar i kvardagen. Arbeidstiltaket gav medarbeidarane eit fast arbeid å gå til, kor arbeidsdagane var rutineprega og føreseielege og arbeidsoppgåvane meiningsfulle, konkrete og forståelege.

Arbeidsoppgåvene knytt til dyra vart særleg sett som viktige og naudsynle, og dei er difor forståelege. Medarbeidarane var med i planlegginga av arbeidsdagane, og hadde soleis autonomi over kva for arbeidsoppgåver dei utførte. Det var rom for å tilpassa arbeidet etter medarbeidarane sine ynskjer og behov, frå dag til dag. Til saman kan desse faktorane tenkast å bidra til at omgivnadene og opplevingane i liva til medarbeidarane vart opplevd som forståelege og føreseielege, og fylgjeleg styrka opplevinga av komponenten *forståelegheit*.

*Handterlegheit* handlar om å ha tilstrekkelege ressursar tilgjengeleg til å takla utfordringar. Ressursane kan vera individuelle, eller relasjonelle ressursar (Antonovsky, 1987/2012, s. 40). Funna har vist at medarbeidarane gjennom arbeidstiltaket har utvikla individuelle ressursar, slik som produktivitet (gjennom rutinar), sjølvstende, ansvar og meistring av ulike arbeidsoppgåver. Det har vorte skildra korleis deltakinga i arbeidstiltaket bidrog til at medarbeidarar meistra andre kvardagslege utfordringar, slik som å ta bussen eller å handla på eige hand. Når det gjeld relasjonelle ressursar er tilgangen til eit sosialt nettverk gjennom det sosiale arbeidsfellesskapet relevant. Fleire av utsegna til medarbeidarane og bøndene kan byggje opp under at det sosiale arbeidsfellesskapet utgjer ein ressurs. Til dømes har me sett at medarbeidarane vektla at fellesskapet var sosialt og viktig for trivsel. Medarbeidarane hadde respekt for kvarandre og ein ikkje-dømande haldning med omsyn til at det var trygt å vera seg sjølv, dei viste kvarandre omtanke, og nokre delte felles erfaringar med sjukdom og behandling med kvarandre. Bøndene var til stades, motiverte, følgde opp og hjelpte medarbeidarane ved behov, og utgjorde soleis ein ressurs for medarbeidarane. Dyra kan også sjåast som ein relasjonell ressurs med omsyn til komponenten handterlegheit (Bergit & Braastad, 2018, s. 58). Av empirien har me sett at medarbeidarane vektla samhandlinga med dyr som ein ressurs som bidrog til å snu därlege dagar, til å få pause frå tankekøyr gjennom å styra fokus utover seg sjølv, til å kjenne seg verdifull og til å finna ro. På denne måten står dyra fram som ein strategi og ressurs til å handtera utfordringar på ein vellukka måte (Mittelmark & Bauer, 2022, s. 11).

Ut frå faktorane som er gjort greie for over ser det ut til at medarbeidarane har utvikla individuelle ressursar, og fekk tilgang til relasjonelle ressursar gjennom det sosiale

arbeidsfellesskapet og dyra, noko som kan ha styrka opplevinga av handterlegheit (Antonovsky, 1987/2012). I tillegg kan medarbeidarane sine skildringar av tru om ei positiv framtid med omsyn til arbeid vitna om ei tru på at framtidige utfordringar kan handterast. I fylgje Antonovsky (1987/2012, s. 40) er dette ei peikepinn på ei oppleving av handterlegheit.

Den siste komponenten i OAS, *meiningsfullheit*, handlar om å vera kjenslemessig involvert i prosessane som formar dei daglege erfaringane våre (Antonovsky, 1987/2012, s. 41).

Antonovsky (1987/2012, s. 41) fann i sine studiar at personar med sterk OAS, har områder i livet sitt som dei opplever som viktige og meiningsfulle å involvera seg i. I denne studien er empirien klar om at alle medarbeidarane opplevde arbeidstiltaket som positivt og viktig. Gardsarbeidet kan sjåast som meiningsfullt å engasjere seg i med omsyn til dei positive verknadene som arbeidstiltaket hadde for medarbeidarane, og arbeidet i seg sjølv er meiningsfylt fordi det vart opplevd som givande. For mange av medarbeidarane var særleg arbeidet med dyra meiningsfullt. Husdyr er avhengig av omsorg frå menneske (Berget et al., 2018, s. 15), og det vart skildra at ansvaret for dyr kunne medverka til at ein kjente seg verdifull. På det viset engasjerte arbeidet med dyra medarbeidarane kjenslemessig. Ut frå medarbeidarane sine skildringar ser det ut til at det å kjenne at det er behov for ein er viktig og betydningsfullt. Gjennom arbeidet med dyra bidrog medarbeidarane med noko verdifullt ovanfor dyra i form av merksemd, mat, stell og kos, samstundes som dei kjente seg verdsett når dyra gav dei relasjonelt tilbakemelding. Det å kjenna seg verdifull og at ein kan bidra med verdi ovanfor seg sjølve og andre vert sett i samanheng med å oppleve livet som meiningsfullt (Prilleltensky, 2020, s. 20). Når ein vert kjenslemessig engasjert og opplever at noko er meiningsfullt å driva med, kan det skapa motivasjon og pågangsmot (Antonovsky, 1987/2012, s. 44). Dette kan vera grunnen til at medarbeidarane fekk eit nytt syn på framtida, og var motiverte for anten å koma ut i ordinært arbeid, eller å halda fram med å arbeida på garden.

På bakgrunn av at medarbeidarane sine opplevingar og erfaringar av grønt arbeid kan knytast til komponentane *forståelegheit*, *handterlegheit* og *meiningsfullheit*, ser det ut til at arbeidstiltaket har bidrige til å styrka medarbeidarane si *oppleving av samanheng*. Forsking viser at OAS kan gjera personar med psykiske helseutfordringar i stand til å mobilisere og gjera bruk av tilgjengelege ressursar som kan leia til auka sosial deltaking på ulike arenaer (Langeland, 2009, s. 294). Me har sett at ein av bøndene skildra at når medarbeidarane meistra å vera i arbeidstiltaket så meistra dei også fleire kvardagslege utfordringar. Av dette kan me sjå at medarbeidarane gjer seg bruk av ressursane i andre samanhengar. Skildringane

av framtidssvisjonar kan også trekke veksel om ein overføringsverdi til andre sosiale arenaer, men utan at det er mogeleg å slå fast noko på dette tidspunktet. I fylgje Langeland (2009, s. 293) er det naudsynt å oppleva nærværet av salutogene faktorar for å oppnå trivsel og livskvalitet. Faktorane som bidrog til oppleving av *forståelegheit*, *handterlegheit* og *meiningsfullheit*, var i stor grad knytt opp til det som skjedde på garden. I ein annan arbeids- eller sosial setting er fleire av desse faktorane ikkje til stades. Kva som er tilfelle når det gjeld OAS når til dømes dyra ikkje er der, eller det ikkje er høve å tilpassa arbeidet i den utstrekninga som det er på garden, er uvisst. Me har sett at fleire medarbeidarar opplevde at andre typar ordinært arbeid og arbeidstiltak ikkje hadde vore vellukka for dei tidlegare, og at dei ville halda fram med å arbeide på garden. Moglegvis kan dette ha ein samanheng med det særeigne som garden representerer, som kan vera vanskeleg å finna andre plassar, og som kan henga saman med dei salutogene faktorane i grønt arbeid.

#### *5.2.2 Eit kritisk blick på det salutogene perspektivet*

Fokuset i det salutogene perspektivet ligg som me har sett mellom anna på korleis individ kan meistra og tilpassa seg ulike utfordringar (Antonovsky, 1987/2012, s. 27; Langeland et al., 2007, s. 277). Fleire kritiserer slike individorienterte «løysingar» på samfunnsproblem. Askheim (2012, s. 68) hevdar at eit fokus på individuell meistring innanfor eksisterande rammer dekkjer til dei strukturelle forholda som skapar diskriminering, marginalisering og undertrykking. Låg sosial deltaking er skulda barrierar på samfunnsnivå, og slike barrierar forsvinn ikkje gjennom ressursmobilisering hjå den enkelte (Askheim, 2012, s. 62). Etter det Askheim (2012) skriv, så kan det tenkast uheldig å arbeide for at medarbeidarar skal tilpassa seg ein problemkapande struktur (gjennom ressursmobilisering), framfor å arbeide for å omforma strukturen som skapar utstøyting frå arbeidsmarknaden i utgangspunktet. Prilleltensky (2020) etterspør eit meir balansert fokus, i det han skriv at eit utelukkande fokus på individuelt velvære set kollektive verdiar som rettferd i fare, og om me berre fokuserer på å auka deltaking, ignorerer me strukturane av ulikskap som førar til ekskludering i utgangspunktet. Han tek til orde for eit samfunn kor det er likevekt mellom verdiar for personleg, relasjonell og kollektiv velvære (s. 25).

Kritikken av individfokuset ved det salutogene perspektivet bringer oss over til å sjå nærmare på medarbeidarane sine erfaringar opp mot ein strukturell kontekst. I neste delavsnitt vil eg drøfte forskingsspørsmålet om korleis erfaringane til medarbeidarane kan sjåast opp mot

sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid, i ljos av Wadel (1977; 1984) sitt perspektiv på arbeid, og Freire (1999) sitt perspektiv om frigjerande pedagogikk.

### **5.3 Garden- ein arbeidsplass, ein inkluderingsarena eller ein oppbevaringsplass?**

Korleis kan ein sjå erfaringane til medarbeidarane opp mot sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid? Svaret på det bunnar ned til eit spørsmål om kva som skal reknast som arbeid. Korleis grønt arbeid blir sett med omsyn til arbeid er her relevant, er det arbeid eller er det aktivitet? Med andre ord- er garden som arena for arbeidstiltak ein arbeidsplass, ein inkluderingsarena, eller i verste fall ein oppbevaringsplass?

#### *5.3.1 Er grønt arbeid eigentleg arbeid?*

Grønt arbeid er tvilsamt å rekna som arbeid om me ser det i ljos av Wadel (1977; 1984) si forståing av det *økonomiske arbeidsomgrepet*, og til dels også i ljos av det *folkelege arbeidsomgrepet*, som begge representerer ein relativt restriktiv forståing av arbeidsomgrepet. Arbeidstiltaket er ikkje del av den ordinære arbeidsmarknaden, og medarbeidarane i studien har ikkje gardsarbeid til levebrød, inntektssikringa for dei fleste av dei er fyrst og fremst uføretrygd. Difor er det slik at om gardsarbeidet skal reknast som arbeid eller ikkje i ei snever forståing av arbeidsomgrepet, ikkje er avhengig av gardsarbeidet i seg sjølve, men *kven* som utfører dette (Wadel, 1977). Sjølv om medarbeidarane utfører mange av dei same arbeidsoppgåvene som bønder eller andre som livnærer seg av gardsarbeid, vert ikkje arbeidsaktiviteten deira allment rekna som arbeid, men som “aktivisering” (Wadel, 1977, s. 396). Wadel (1977) peikar på at aktivitetar på denne måten avhenger av den sosiale plasseringa av dei personane som utfører aktiviteten, og at arbeidet derav får ein klar moralsk komponent, det vil seie at me har å gjera med eit skilje mellom menneske og ikkje berre mellom aktivitetar (s. 396). Ei snever forståing av kva som skal reknast som arbeid kan med dette bidra til uheldig kategorisering av menneske i to grupper: dei som arbeider (har yrkesinntekt) og dei som ikkje arbeider (mottek trygdeytingar) (Heggebø, 2020, s. 39). Dette kan tenkjast å forsterka stigmatiseringa av personar utanfor det ordinære arbeidslivet.

Om me legg til grunn Wadel (1977) sin samfunnsvitskaplege definisjon av arbeid, som famnar breiare enn ordinært arbeid, ser det ut til at grønt arbeid klart kan reknast som arbeid. I dette perspektivet kan ein sjå grønt arbeid som meiningsfylt, givande og viktig for samfunnet (Heggebø, 2020, s. 39). Studien har funne at arbeidstiltaket hadde ei rekke positive verknader

for medarbeidarane si helse og livskvalitet. Med Wadel (1977) sitt perspektiv på arbeid kan dette sjåast som verdifullt for samfunnet i stort, i kraft av til dømes eit potensiale for mindre bruk av helsetenester. Vidare viser funna at medarbeidarane sjølv klassifiserer arbeidstiltaket som sitt arbeid. Om samfunnsdiskursen hadde likestilt grønt arbeid med ordinært arbeid kan det tenkjast å førebyggja den uheldige kategoriseringa og stigmatiseringa som vert skapt av å laga eit skilje mellom personar som deltek i den ordinære arbeidsmarknaden og dei som ikkje gjer det.

Øverbye og Stjernø (2012, s. 25) spør om den norske velferdsstaten bør utvida arbeidslinja, til å ikkje berre rette seg etter inntektsgjevande arbeid, men heller stimulere folk sitt medborgarskap i breiare forstand, det vil seie ei breiare form for deltaking i samfunnet. Sjølv om lønnsarbeid er viktig med omsyn til sosial deltaking i samfunnet, er det ikkje den einaste inngangen til deltaking. Å motta stønad er ikkje einstydande med at ein er passiv og sosialt isolert (Terum et al., 2012, s. 82). Av empirien i denne studien har me sett at grønt arbeid kan fungere som ein arena som motverkar passivitet og bidreg til sosial deltaking i eit arbeidsfellesskap.

Om me reknar grønt arbeid som arbeid, er det klart at slike tiltak bidreg til sosial deltaking på arbeidsarenaen. Korleis me definerer grønt arbeid reiser likevel eit spørsmål om kva for implikasjonar det å «legitimere» grønt arbeid som arbeid kan ha. Vidare i dette delkapittelet drøftar eg positive og negative følger av å anerkjenna arbeidstiltak på gard som arbeid.

### *5.3.2 Ein kritikk mot «train then place»- tilnærminga*

Grønt arbeid, kor målet er å gje personar med psykiske helseutfordringar høve til å vera i arbeid gjennom VTA-tiltaka, eller arbeidstrening for å bli i stand til å delta i ordinært arbeid gjennom AFT-tiltaka, liknar som me har sett tidlegare ein «train then place»-metodikk, ettersom arbeidstiltaket skjer i ein skjerma verksemnd.

Tidlegare i kapittelet retta eg kritikk mot individfokuset i det salutogene perspektivet, ved hjelp av argument frå Askheim (2012) om korleis eit utelukkande fokus på individuell meistring innanfor eksisterande rammer er med å tilsløre problemkapande samfunnsstrukturar. Den same kritikken kan rettast mot «train then place»-tilnærminga i skjerma verksemder. Slik bistand rettar seg mot enkeltindividet, og er basert på ei antaking om at individet ikkje er kvalifisert eller klar for ordinært arbeid, og treng å trena og tilpassa

seg det ordinære arbeidslivet (Spjelkavik, 2014, s. 34-35). På sett og vis kan ei slik tilnærming individualisera arbeidsløysa som sosialt problem. Problemet og løysinga på manglende deltaking i ordinært arbeid vert lagt til individet, og ikkje dei problemskapande samfunnsstrukturane som bidreg til utstøyting frå ordinært arbeidsliv (Frøyland & Spjelkavik, 2014, s. 333). Ved å anerkjenne grønt arbeid som arbeid, og ut frå det dra slutningar om at tiltaket bidreg til arbeidsinkludering, kan dei strukturelle barrierane for deltaking i ordinært arbeidsliv moglegvis bli tilslørt.

Ei anerkjening av grønt arbeid som arbeid kan vidare underkommunisera dei individuelle ulempene ved manglende deltaking i det ordinære arbeidslivet. Lønnsarbeidet førar med seg individuelle rettar (Halvorsen et al., 2022, s. 16), og som fylgje av arbeidslinja lønner det seg å vera i ordinært arbeid. Medarbeidarar i grønt arbeid betaler soleis ein kostnad av desse føringane gjennom lågare inntekt, sjølv om dei utfører arbeid som andre personar ville fått ordinær løn for, jf. Wadel (1977) sitt poeng om at klientar sitt arbeid vert rekna som «aktivisering» og ikkje arbeid. Inntektsgapet mellom personar med psykiske helseutfordringar og friske personar er høgt i Noreg, samanlikna med andre nærliggande land som Sverige og Danmark (OECD, 2013, s. 24). Mange med psykiske helseutfordringar ynskjer som nemnt å vera i ordinært arbeid (Helsedirektoratet, 2014, s. 42), men slepp ikkje til mellom anna grunna stigma og betydeleg skepsis blant arbeidsgjevarar til å tilsetje personar med psykiske helseutfordringar (Mæland, 2014, s. 232; Østerud, 2023). På bakgrunn av dette er det etter mitt syn rom for ei kritisk tenking om grønt arbeid sitt premiss om arbeidstiltak i skjerma verksemder.

«Train then place»- tilnærminga til arbeidsinkludering kan sjåast i samanheng med det Freire (1999) kallar «falsk gjevmilde». Freire (1999, s. 26) skriv om at «undertrykkjarane» uttrykkjer si «gjevmelde» gjennom å hjelpa dei «undertrykte». Han meiner dette er ei falsk gjevmilde, fordi sann gjevmilde «består nettopp i å kjempe for å fjerne årsakene til falsk velgjørenhet» (s. 26). Årsakene til personar med psykiske helseutfordringar si underrepresentasjon i ordinært arbeidsliv er som me har sett samansett, og i mange tilfelle prega av strukturelle barrierar. Freire (1999) skriv vidare om falsk gjevmilde;

Falsk velgjørenhet begrenser de fryksomme og underkuede, de «som livet har vraket», til å rekke frem sine skjelvende hender. Virkelig gavmildhet består i å kjempe for at disse hendene- om de tilhører enkeltindivier eller hele folk- sjeldnere og

sjeldnere må rekkes bønnfallende frem, slik at de mer og mer kan bli frie menneskers hender som arbeider og gjennom arbeidet forandrer tilværelsen. (s. 26)

Det handlar altså, slik eg ser det, om å gå frå å bistå individ til å tilpassa seg det ordinære arbeidslivet, eller å gje dei arbeid i skjerma verksemder, til å kjempa ein kamp mot dei problemkapande samfunnsstrukturane som fører til at personar med psykiske helseutfordringar vert utstøytt frå den ordinære arbeidsmarknaden i utgangspunktet. VTA-tiltak og AFT-tiltak i skjerma verksemder kan vanskeleg sjåast som tiltak som støttar opp under ein slik kamp som Freire (1999) tek til orde for, ettersom desse tiltaka inneber at individ skal tilpassa seg den undertrykkjande situasjonen, heller enn å endra på dei forholda som bidreg til utstøyting frå den ordinære arbeidsmarknaden (Freire, 1999, s. 57). I fylgje Freire (1999, s. 57) er slike handlingar med å beherska dei som blir undertrykt. Dette er bankundervisning i praksis, kor personar med psykiske helseutfordringar vert kategorisert som avvikarar som treng å bli integrert og innlemma i samfunnet (Freire, 1999, s. 57). Freire (1999, s. 57) tek til orde for at løysinga ikkje er at individ skal tilpasse seg, og bli “integrert” i den undertrykkande strukturen, men å omforma strukturen. Dette kan sjåast i samanheng med det auka fokuset på “place then train”-tilnærminga i arbeidsinkluderinga, framfor “train then place”, som eg vil diskutera i det fylgjande.

### *5.3.3 Er «place then train» løysinga, og kva så med grønt arbeid?*

Når det ordinære arbeidslivet vert brukt som middel til arbeidsinkludering, nærmar me oss ein kamp for å omforma strukturen, slik Freire (1999, s. 57) tek til orde for. Arbeidstiltak i ordinære verksemder inneber eit samarbeid mellom arbeidstakaren, arbeidsgjevaren og Nav, kor målet er ein varig og ordinær arbeidslivstilknyting. Difor ser slike tilnærmingar ut til å i høgare grad enn arbeidstiltak i skjerma verksemder å arbeida mot dei strukturelle barrierane som er med å hindra personar med psykiske helseutfordringar si deltaking på den ordinære arbeidsmarknaden (Frøyland & Spjelkavik, 2014).

Det er fleire årsaker til at det ordinære arbeidslivet vert rekna som eit betre alternativ for arbeidstiltak enn skjerma verksemder. Ein av desse er basert på at studiar viser at personar med psykiske helseutfordringar vektlegg å ha ein ordinær jobb, fordi det gjev høve til å delta i ein alminneleg sosial setting ilag med kollegaer. Dette medfører at ein både blir sett som, og kjenner seg som normal (Borg & Kristiansen, 2008, s. 517; Karlsson & Borg, 2013, s. 97). På den andre sida kan dette moglegvis ha samanheng med at arbeid utanfor den ordinære

arbeidsmarknaden i samfunnsdiskursen og blant allmennheita ikkje vert anerkjent som arbeid, med dei negative fylgjene det har med omsyn til kategorisering og stigma, jf. diskusjonen tidlegare i kapittelet. Argument mot “train then place” tilnærmingane er nettopp at dei strider imot normalitetsprinsipp og kan medføra segregering og stigma (Spjelkavik, 2014, s. 37). Om me legg til grunn Wadel (1977) sitt perspektiv på arbeid er det moglegvis ikkje hald i dette argumentet, ettersom problemet i eit slikt perspektiv kan vera den manglande normaliseringa, anerkjenninga og verdsettinga av arbeid utanfor den ordinære arbeidsmarknaden.

Det ser altså ut til å vera både fordelar og ulemper med å anerkjenna grønt arbeid som arbeid. Funna i denne studien viser at medarbeidarane er svært nøgd med arbeidstiltaket. Det er då ein klar fordel at dette vert anerkjent som arbeid, for å forhindra kategorisering og stigmatisering. Samstundes har me sett at det kan medføre individuelle ulemper å stå utanfor ordinært arbeid. Med denne diskusjonen har eg prøvt å lyfte fram ulike måtar å sjå grønt arbeid på i ein strukturell kontekst. Eg tek det på stort alvor at medarbeidarane i studien har tala utelukkande positivt om arbeidstiltaket, og eg har ikkje snakka med medarbeidarane om korleis dei erfarer å vera utanfor den ordinære arbeidsmarknaden. Hensikta mi er ikkje å konkludere med at det eine er betre enn det andre, men å nyansere synet på arbeid, og peike på implikasjonar og fordeler og ulemper med korleis ein forstår grønt arbeid med omsyn til arbeidsomgrepene.

Empirien i studien har vist at arbeidstiltak på gard har mykje positivt å bidra med for medarbeidarane. Garden står fram som ein arbeidsplass, kor medarbeidarar vert inkludert i eit sosialt arbeidsfellesskap, og ikkje som ein oppbevaringsarena. Kanskje det særeigne med garden med gardsarbeid, natur og samhandling med dyr og menneske, veg opp for ulempene av å vera utanfor den ordinære arbeidsmarknaden. Bjaarstad et al. (2014, s. 238) peikar på at ordinært arbeid ikkje er svaret for alle, og at det er sentralt å ikkje ha eit ensidig fokus i arbeidsinkluderingsarbeidet. Det er fleire arenaer enn arbeid som er sentrale med omsyn til sosial deltaking og inkludering. Sivilsamfunnets nære kvardagsliv, slik som bustadmiljø, fritidsorganisasjonar, familie, vennenettverk og bortetter kan reknast som minst like viktig (Øvreliid, 2019, s. 272). På grunnlag av dette tek eg til orde for at det eine ikkje bør utelukke det andre. Grønt arbeid kan, og etter mitt syn bør, anerkjennast som eit meiningsfylt og verdifullt arbeid, på linje med lønsarbeidet, men det bør samstundes leggjast til rette for at personar med psykiske helseutfordringar som ynskjer å delta i ordinært arbeid får høve til dette.

## 6.0 Avslutning

I dei føregåande kapitla har eg presentert medarbeidarane og bøndene sine skildringar av erfaringar med grønt arbeid. Analysen av datamaterialet resulterte i fire tema. Gjennom temaet *helsefremjing, samhandling og arbeid med dyr, det sosiale arbeidsfellesskapet og garden som arbeidsplass* har me sett at medarbeidarane erfarte ei rekke ulike verknader av arbeidstiltaket. Desse verknadene hadde til saman ei positiv innverknad på subjektiv helse, trivsel og livskvalitet. Eg har diskutert desse erfaringane i ljós av teori og tidlegare forsking på feltet. Diskusjonen har svart på forskingsspørsmåla om kva for verknader av arbeidstiltaket medarbeidarane erfarte, og korleis dyr og samhandling med dyr verka inn på erfaringane medarbeidarane gjorde seg av arbeidstiltaket. Drøftinga har vist korleis grønt arbeid kan reknast som eit salutogent tiltak, med potensiale til å styrka medarbeidarane si *oppleveling av samanheng*, gjennom komponentane *forståelegheit, handterlegheit og meiningsfullheit*.

Vidare har eg prøvt å syna samanhengar mellom individuelle og kollektive forhold, ved å lyfte medarbeidarane sine erfaringar til ein strukturell kontekst, i tråd med samfunnsarbeidsperspektivet (Hutchinson, 2022, s. 12). Eg har svart på forskingsspørsmålet om korleis erfaringane til medarbeidarane kan bli sett opp mot sosial deltaking på samfunnsarenaen arbeid, gjennom å diskutera korleis grønt arbeid kan bli forstått med omsyn til arbeidsomgrepet. Av diskusjonen har det gått fram at fordeler ved å anerkjenne grønt arbeid som arbeid mellom anna er at det kan førebyggje kategorisering og stigmatisering, medan ulemper er at det kan bidra til å tilsløre dei strukturelle barrierane som føreligg for deltaking i det ordinære arbeidslivet, og underkommunisere ulempene av å stå utanfor ordinært arbeid. På grunnlag av dette har eg teke til orde for at grønt arbeid bør reknast som eit verdifullt arbeid på lik linje som ordinært arbeid, samstundes som det må arbeidast for å redusera strukturelle barrierar og utstøyting frå ordinært arbeid.

I dette avsluttande kapittelet vil eg peike på kva for problemstillingar som hadde vore interessant å utforske nærmare, kva mine anbefalingar for den vidare forskinga på feltet er og kva for implikasjonar studien i denne oppgåva kan ha.

Gjennom arbeidet med oppgåva kom det opp fleire problemstillingar som hadde vore interessant å utforska nærmare, men som det ikkje var høve til grunna rammene av oppgåva. Ein av desse handlar om strukturelle barrierar og utfordringar kring å *tilby* arbeidstiltak, noko

begge bøndene, og ein av medarbeidarane var opptekne av. Av utfordringar vart det formidla manglande satsing på Inn på tunet-tenester, som gjer det utfordrande å få tilstrekkelege midlar til å tilby tenester. Vidare vart det problematisert at kjøparar ofte misstydar at det å ha folk i arbeidstiltak utelukkande er ein ressurs for bønder, og ikkje i tilstrekkeleg grad anerkjenner at å tilby arbeidstiltak krev tid og ressursar frå bonden i form av oppfylging. I tillegg vart det formidla at kjøparar set urealistiske forventningar om kor raskt medarbeidarar i arbeidsførebuande tiltak skal vera klare til å gå ut i ordinært arbeid. I sistnemnte tilfelle vart det problematisert at det kunne bli konkludert med at arbeidstiltaket på garden ikkje hadde fungert dersom overgangen til ordinært arbeid ikkje var vellukka. I fylgje bonden handla det snarare om at medarbeidarane anten ikkje hadde fått tilstrekkeleg med tid til å utvikla seg i arbeidstiltaket, eller at det mangla på tilpassing på den ordinære arbeidsplassen. Dette er etter mitt syn interessante problemstillingar, som det er behov for meir kunnskap om. Det føreligg lite forsking på relasjonen mellom tilbydar og kjøpar av inn på tunet-tenester (Giskeødegård et al., 2016, s. 11), og desse problemstillingane kan bidra til å vidareutvikla kunnskapsfeltet om korleis ein kan leggja til rette for vellukka grønt arbeid. Vidare ser eg i ettertid at det ville ha vore relevant og interessant å utforska korleis medarbeidarane erfarte å stå utanfor det ordinære arbeidslivet. Dette kunne ha utfylt dataa om korleis ein kan sjå grønt arbeid opp mot sosial deltaking i arbeidslivet.

Mine oppfordringar til framtidig forsking er vidare å undersøkje meir om kva for *langtidseffektar* medarbeidarar erfarer av grønt arbeid. På den måten kan ein i større utstrekning sei noko med omsyn til om *opplevelinga av samanheng* er vedvarande, og om medarbeidarane overfører den til andre sosiale arenaer. Deltakande observasjon har gitt ei innsikt og kunnskap om grønt arbeid, som ikkje ville vore mogeleg med intervju åleine. Det er mi anbefaling å inkludere feltarbeid i den vidare kvalitative forskinga på grønt arbeid. Mitt inntrykk er at det føreligg mykje taus kunnskap om både gardsdrift, og dei komplekse samanhengane som føreligg i samspelet mellom dyr og menneske, og interaksjonar med naturen. Slik kunnskap kan vera vanskeleg å setje ord på. Etter mitt syn kan deltakande observasjon difor vera med å utfylle data, ved at forskaren kan forstå meir om konteksten som erfaringane er plassert i, og å observera medarbeidarane i dei ulike prosessane som føreligg i grønt arbeid.

Med omsyn til implikasjonar av studien kan kunnskapen som er formidla sia noko om kva grønt arbeid kan og bør innehalda. Funna har vist fleire suksessfaktorar ved grønt arbeid.

Dette kan vera relevant kunnskap for både tilbydarar og kjøparar av tenestene. Grønt arbeid kan organiserast på ulike måtar, men det empiriske grunnlaget i denne studien syner at særleg fysisk aktivitet i naturen, arbeid med dyr, varierte og individuelt tilpassa arbeidsoppgåver og å vera ein del av eit sosialt arbeidsfellesskap var viktige suksessfaktorar. Kunnskapen som studien formidlar kan vera relevant for tilbydarar av grønt arbeid, for å vite noko om kva medarbeidarar vektlegg, og korleis dei kan organisera tenestene sine etter dette. Vidare kan kunnskapen vera relevant for kjøparar av grønt arbeid for å vite noko om kva dei kan sjå etter når dei skal kjøpa tenester.

## 7.0 Litteraturliste

- Aasen, R. O. & Andershed, B. (2015). Å komme i balanse ved hjelp av Grønn omsorg: Brukernes erfaring. *Nordisk sygepleieforskning*, 5(4), 343-355.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN1892-2686-2015-04-04>
- Antonovsky, A. (1979). *Health, stress and coping: new perspectives on Mental and Physical Well-Being*. Jossey-Bass Publishers.
- Antonovsky, A. (1996). The salutogenic model as a theory to guide health promotion. *Health Promotion International*, 11(1), 11–18. <https://doi.org/10.1093/heapro/11.1.11>
- Antonovsky, A. (2012). *Helsens mysterium: Den salutogene modellen* (A. Sjøbu, Overs.). Gyldendal Akademisk. (Opprinnelig utgitt 1987).
- Arbeidsdepartementet & Helse- og omsorgsdepartementet. (2013). *Oppfølgingsplan for arbeid og psykisk helse (2013-2016)*. Regjeringen.  
[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/ad/publikasjoner/rapporter/2013/oppf\\_planarbogpsykhelse.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/ad/publikasjoner/rapporter/2013/oppf_planarbogpsykhelse.pdf)
- Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse- og sosialfagleg arbeid: Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Gyldendal Norsk Forlag AS
- Berget, B., Braastad, B. O. & Ekeberg, Ø. (u.å). *Grønn omsorg med husdyr for mennesker med psykiske lidelser: Rapport fra pilotprosjekt, et samarbeid mellom Institutt for husdyrfag, Norges landbrukskole Institutt for medisinske atferdsfag, Universitetet i Oslo.*
- Berget, B., Skarsaune, I., Ekeberg, Ø. & Braastad, B. (2007). Humans with Mental Disorders Working with Farm Animals. *Occupational Therapy in Mental Health*, 23(2), 101–117. [https://doi.org/10.1300/J004v23n02\\_05](https://doi.org/10.1300/J004v23n02_05)
- Berget, B. & Braastad, B. O. (2008). *Kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet*. Universitetet for miljø- og biovitenskap.  
[http://www.umb.no/statisk/helse/kunnskapsstatus\\_og\\_forskningsbehov.pdf](http://www.umb.no/statisk/helse/kunnskapsstatus_og_forskningsbehov.pdf)
- Berget, & Braastad, B. O. (2011). Animal-assisted therapy with farm animals for persons with psychiatric disorders. *Annali dell'Istituto Superiore Di Sanità*, 47(4), 384–390.  
[https://doi.org/10.4415/ANN\\_11\\_04\\_10](https://doi.org/10.4415/ANN_11_04_10)
- Berget, B. (2013). *Forskning og kompetanse for Inn på tunet: status og behov*. Inn på tunet.  
<https://innpåtunet.no/cms/files/764/inn-på-tunet-forskning-og-kompetanse>

- Berget, B. & Braastad, B. O. (2018). Teoretisk grunnlag for dyreassisterte intervener. I. B. Berget., E. Krøger & A. B. Thorød (Red.), *Antrozoologi: samspill mellom dyr og menneske* (s. 52-68). Universitetsforlaget.
- Berget, B., Krøger, E. & Thorød, A. B. (2018). Innledning. I B. Berget, E. Krøger & A. B. Thorød (Red.), *Antrozoologi: samspill mellom dyr og menneske*. (s. 15-20). Universitetsforlaget.
- Bjaarstad, S., Trane, K. A. R., Hatling, T., & Reinertsen, S. (2014). Nye trender innen arbeid og psykisk helse - sett i sammenheng med recovery. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 11(3), 232–240. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3010-2014-03-05>
- Boardman, J. (2003). Work, employment and psychiatric disability. *Advances in Psychiatric Treatment*, 9, 327-334. <https://doi.org/10.1192/apt.9.5.327>
- Borg, M. & Kristiansen, K. (2008). Working on the edge: the meaning of work for people recovering from severe mental distress in Norway. *Disability & Society*, 23(5), 511–523. <https://doi.org/10.1080/09687590802177072>
- Buvik, K., Skatvedt, A. & Baklien, B. (2020). Feltsamtaler som datakilde i kvalitativ samfunnsforskning. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 61(3), 222–240. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2020-03-02>
- Creswell, J. W. (2013). *Qualitative inquiry & Research design: Choosing Among Five Approaches* (3th ed.). SAGE.
- Creswell, J. W. & Poth, C. N. (2018). *Qualitative inquiry & research design: choosing among five approaches* (4th ed.). SAGE.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal akademisk.
- Ellingsen-Dalskau, Berget, B., Pedersen, I., Tellnes, G., & Ihlebæk, C. (2016). Understanding how prevocational training on care farms can lead to functioning, motivation and well-being. *Disability and Rehabilitation*, 38(25), 2504–2513. <https://doi.org/10.3109/09638288.2015.1130177>
- Eriksson, M. & Lindström, B. (2006). Antonovsky's sense of coherence scale and the relation with health: a systematic review. *Journal of Epidemiology and Community Health* (1979), 60(5), 376–381. <https://doi.org/10.1136/jech.2005.041616>
- Eriksson, M. (2022). The Sense of Coherence: The Concept and Its Relationship to Health. I M. B. Mittelmark, S. Sagy, M. Eriksson, G. F. Bauer, J. M Pelikan., B. Lindström & G. A. Espnes (Red.), *The Handbook Of Salutogenesis* (2.utg) (s. 60-68). Springer.

- Falkum, E. (2011). Arbeidet som rehabiliteringsfaktor. I L. Borge., E. W. Martinsen. & T. Moe (Red.), *Psykisk helsearbeid: mer enn medisiner og samtaleterapi*. Fagbokforlaget.
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- FN-sambandet. (2022, 8. desember). *FNs verdenserklæring om menneskerettigheter*. FN.  
<https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/fns-verdenserklaring-om-menneskerettigheter>
- Folkehelseinstituttet. (2018). *Helsetilstanden i Norge 2018*. FHI.  
<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/helsetilstanden-i-norge-20182.pdf>
- Freire, P. (1999). *De undertryktes pedagogikk* (S. Lie Overs.). Gyldendal Akademisk.
- Frøyland, K. & Spjelkavik, Ø. (2014). Inkluderingskompetanse- et fagfelt i utvikling. I K. Frøyland & Ø. Spjelkavik (Red.), *Inkluderingskompetanse: ordinært arbeid som mål og middel* (s. 326-341). Gyldendal Akademisk.
- García-Llorente, M., Rubio-Olivar, R. & Gutierrez-Briceño, I. (2018). Farming for Life Quality and Sustainability: A Literature Review of Green Care Research Trends in Europe. *Public Health* 2018, 15(6). <https://doi.org/10.3390/ijerph15061282>
- Giskeødegård, M. F., Sudmann, T. T., Halvorsen, L. J., Børshheim, I. T., Agdal, R. & Båtevik, F. O. (2016). *Samarbeid om Inn på tunet: utvikling av relasjonar for å legge til rette for alternative velferdstenester*. Møreforskning. [https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2425859/Rapport%20nr%2080%20MF%20IPT%20rapport\\_korleis%20arbeide%20betrer%20saman\\_endeleg.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2425859/Rapport%20nr%2080%20MF%20IPT%20rapport_korleis%20arbeide%20betrer%20saman_endeleg.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Glemmestad, H., Kleppe, L. C. & Frøyland, K. (2019). En sosialfaglig tilnærming til arbeidsinkludering. I H. Glemmestad & L. C. Kleppe (Red.), *Arbeidsinkludering i sosialt arbeid* (s. 53-70). Fagbokforlaget.
- Glemmestad, H. (2021). *Oppfølgingsarbeid i NAV: sosialt arbeid på NAV-kontoret*. Fagbokforlaget.
- Giorgi, A. (2009). *The descriptive phenomenological method in psychology: a modified Husserlian Approach*. Duquesne University Press.
- Gonzalez, M. T., Hartig, T., Patil, G. G., Martinsen, E. W., & Kirkevold, M. (2011). A prospective study of group cohesiveness in therapeutic horticulture for clinical depression. *International Journal of Mental Health Nursing*, 20(2), 119–129.  
<https://doi.org/10.1111/j.1447-0349.2010.00689.x>

Granerud, A., Eriksson, B. & Lund, I. E. (2012). *Grønn omsorg fra deltager og tilbyderes perspektiv: delrapport i prosjektet Recovery-orienterte grønn omsorgstjenester.*

Høgskolen på Hedmark. [https://brage.inn.no/xmlui/bitstream/handle/11250/134132/rapp04\\_2012.pdf?sequence=1](https://brage.inn.no/xmlui/bitstream/handle/11250/134132/rapp04_2012.pdf?sequence=1)

Granerud, A. & Eriksson, B. G. (2014). Mental Health Problems, Recovery, and the Impact of Green Care Services: A Qualitative, Participant-Focused Approach. *Occupational Therapy in Mental Health*, 30(4), 317–336.

<https://doi.org/10.1080/0164212X.2014.938558>

Griffiths, C. A. (2009). Sense of coherence and mental health rehabilitation. *Clinical Rehabilitation*, 23(1), 72–78. <https://doi.org/10.1177/0269215508095360>

Grint, K. & Nixon, D. (2015). *The sociology of work* (4.utg.). Polity Press.

Grunnlova. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov* (LOV-1814-05-17). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn>

Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2.utg.). Fagbokforlaget.

Halvorsen, K. (2012). Lønnsarbeidet- vår tids sekulære religion. I S. Stjernø & E. Øverbye (Red.), *Arbeidslinja: arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten* (s. 188-198). Universitetsforlaget.

Halvorsen, K., Stjernø, S. & Øverbye, E. (2022). *Innføring i helse og sosialpolitikk* (8.utg.). Universitetsforlaget

Hassink, J., De Bruin, S. R., Berget, B. & Elings, M. (2017). Exploring the Role of Farm Animals in Providing Care at Care Farms. *Animals (Basel)*, 7(6), 45. <https://doi.org/10.3390/ani7060045>

Heggebø, K. (2020). Kva er arbeid – eigentleg? Cato Wadel og Sysselsettingsutvalet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 61(1), 38–45. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2020-01-04>

Helsedirektoratet. (2014). *Sammen om mestring: Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne. Et verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten.* <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/sammen-om-mestring-lokalt-psykisk-helsearbeid-og-rusarbeid-for-voksne>

